

# ÅRSMELDING 2008





## Mål for verksemda

ABM-utvikling sitt måldokument er vedteke av styret og byggjer på dei styringssignala som er gjevne i tildelingsbrev frå Kultur- og kyrkjedepartementet, Stortingsproposisjon nr. 1 (2005–2006), Stortingsmelding nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014 og andre stortingsmeldingar og styringssignal som handsamar relevante saker for arkiv, bibliotek og museum.

**VERDIGRUNNLAG** ABM-utvikling byggjer verksemda på yringsfridom, mangfald, dialog og toleranse.

**VISJON** Kunnskap og opplevingar for alle.

**HOVUDMÅL** ABM-utvikling arbeider for å styrkje arkiv, bibliotek og museum som aktuelle samfunnsinstitusjonar.



**Båten var bolig for mange. Søskenflokk i 1950-åra.** Foto: Karmsund folkemuseum

**Bileta i årsmeldinga er henta frå Haugaland-museenes dokumentasjonsprosjekt «Båt-reisende på Vestlandet». Prosjektet har fått midlar frå ABM-utvikling. I mangfaldsåret 2008 støtta ABM-utvikling 18 mangfalds-prosjekt med til saman 3,2 millionar kroner.**

# Innhold

Mål for verksemda . . . . .	s. 2
Verksemda i 2008 . . . . .	s. 4
ABM-sektoren i tal . . . . .	s. 6
ABM-utvikling i tal . . . . .	s. 8
Læring, kunnskaps- og kulturformidling . . . . .	s. 10
Utvikling av digitalt innhald og digitale tenester . . . . .	s. 16
Utvikling og sikring av samlingar, og tilgang til dei . . . . .	s. 22
Samhandling og nytenking innanfor organisasjons- og nettverksbygging . . . . .	s. 24
Organisering, administrasjon og leing . . . . .	s. 28
Kurs og konferansar . . . . .	s. 36
Publikasjonar . . . . .	s. 40
Tildeling av prosjektmidlar . . . . .	s. 43
Tildeling til delegerte tiltak . . . . .	s. 48

## PRIORITERTE ARBEIDSSOMRÅDE FOR 2007–2010

ABM-utvikling skal fremje

- Læring, kunnskaps- og kulturformidling
- Utvikling av digitalt innhald og tenester
- Utvikling og sikring av samlingar
- Samhandling og nytenking

**ABM**  
-utvikling

ABM-UTVIKLING  
POSTBOKS 8145 DEP  
N-0033 OSLO  
TELEFON: 23 11 75 00  
TELEFAKS: 23 11 75 01  
POST@ABM-UTVIKLING.NO  
WWW.ABM-UTVIKLING.NO  
DESIGN: WWW.MELKEVEIEN.NO  
TRYKK: O7 GRUPPEN AS  
ISBN 978-82-8105-073-0  
ABM-UTVIKLING 2009

FOTO PÅ FRAMSIDA:  
BÅTREISANDE OMBORD I LISTER-  
SKØYTE RUNDT 1960. FRÅ MAI TIL  
OKTOBER BLEI DET DRIVE HANDEL  
FRÅ BÅTDEKKET.  
FOTO: KARMSUND FOLKEMUSEUM.



# Verksemda i 2008

I oktober 2008 opna «Vonde minner» på Norsk Teknisk Museum. Utstillinga handla om barn som hadde tilbrakt opp til tre år av barndommen på Grefsen tuberkolosesanatorium i Oslo.

Prosjektet fekk brei omtale i media, og resulterte i at 40 tidlegare pasientar ved barnesanatoria i Noreg på 40-, 50- og 60-tallet tok kontakt med museet og Aftenposten og fortalde om sine opplevingar. Mange fortalte om vonde og traumatiske opplevingar, medan andre ikkje kjende seg igjen i ei slik framstilling.

«Vonde minner» var ein Hot Spot, eit prosjekt initiert av ABM-utvikling kor utstillingane skal vere kontroversielle og skape debatt, provosere og kanskje irritere. Både arkiv, bibliotek og museum deltek. I Hot Spot finn ein ABM-utviklings målsetjing i konsentrert form, nemleg å gjere ABM-institusjonane til samfunnsaktuelle aktørar. Denne utstillinga og reaksjonen på den viser kva sprengstoff arkiv, bibliotek og museum kan sitje på og kor relevante dei kan vere i samfunnet.

## Mangfald

2008 var regjeringas offisielle mangfaldsår. ABM-utvikling har sidan starten i 2003 prioritert arbeid med minoritetar og kulturelt mangfald. I utlysningsteksten for prosjektmidlar for 2008 ba vi eksplisitt om søknader med relevans for mangfaldsåret. Dette resulterte i rundt 40

søknader. 18 av desse fekk midlar, til saman meir enn tre millionar.

Lesefrø er eit av mangfaldsprojekta som starta i 2008. Målet er å tilby litteratur og leseaktivitetar til alle barna i barnehagen, men med et spesielt fokus på minoritetsspråklege barn. Både bibliotekarane og førskulelærarane sin kompetanse skal brukast, med rettleiing frå Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger.

## Brukarane i fokus

Det er viktig å ha brukarane i fokus. Det er dei arkiva, biblioteka og musea er til for. For å gjere ein endå betre jobb på dette området har vi sett i gang eit prosjekt om brukarmedverknad. Aktiv medverknad kan sikra at ulike målgrupper får eit eigarforhold til institusjonen eller stoffet institusjonen jobbar med. Eit anna viktig mål har vore å gje brukarane lettare tilgang til samlingane. Det kan skje gjennom auka digitalisering og betre digitale tenester.

## Digitalt innhald og tenester

Den digitale utfordringa var ei av hovudårsakene til at ABM-utvikling vart danna. For å utvikla nye og gode tenester på Internett må institusjonane ha tilgang til god infrastruktur og nasjonale fellesløysingar. 2008 har vore året då arbeidet med dette har skote fart.

Betre digital infrastruktur til ABM-institusjonane kring i landet var difor hovudsatsinga

når ABM-utvikling delte ut prosjektmidlar. Samla satsa vi 6.4 millionar på å styrka den digitale infrastrukturen. Arbeid med ABM-søk og første fase av biblioteksøk sto sentralt, saman med samarbeid med Primus og Asta om utvikling av gode fellesløysingar for museum og arkiv.

Abm-konferansen hadde «Kulturarven til alle» som tema og ei rekke foredragshaldarar frå inn- og utland deltok. Konferansen sette ny deltakarrekord og viser ei stor interesse – og utålmodigheit – i høve til temaet digitalisering.

## Evaluering

På oppdrag av Kultur- og kyrkjedepartementet blei ABM-utvikling evaluert. Difi-rapporten konkluderer med at vi har gjort «eit godt stykke arbeid». Intervju med sentrale personar i arkiv-, bibliotek- og museumssektorane viste at dei aller fleste såg god nytte av eit fellesorgan for arkiv, bibliotek og museum. Den påfølgjande høyringsrunden bekrefta dette inntrykket. Mange etterlyste likevel vidare økonomiske rammer for utviklingsoppgåver og meinte utviklingsprofilen kan styrkast. Evalueringa har vore nyttig for ABM-utvikling, og det er peika på ting vi kan gjere betre. Rapport og høyringssvar vil vera med å danne grunnlag for ABM-utvikling sine strategiar og planar for dei næraste åra.

ABM-utvikling er eit rådgjevande organ for Kultur- og kyrkjedepartementet og får ofte tildelt oppgåver og oppdrag i samband med stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar. Forvaltningsoppgåvene og rådgjevrolla overfor departementet tek difor mykje ressursar og Difi-rapporten meiner

desse bør gjerast meir tydelege. I 2008 er det gjort eit betydeleg arbeid med konsortiearbeid, forvaltning av delegerte tiltak i statsbudsjettet, sikring av magasinforholda og rett-leiing i høve til biblioteklova for å nemne noko. Statistikken vart utvida med opplysningar frå arkiv, slik at landet for fyrste gong får ein samla abm-statistikk.

Den kulturelle skolesekken har vore drøfta i ei stortingsmelding og arbeidet vart oppsummert som svært vellukka. Ordninga skal utvidast til å omfatte den vidaregåande skulen. Stortinget vedtok å flytte sekretariatet frå ABM-utvikling til Kultur- og kyrkjedepartementet.

Dette skal knyte sekretariatsarbeidet nærare dei samla forvaltingsoppgåvene i departementet, løfte fram arbeidet med born og unge og styrkje samanhengen mellom Den kulturelle skulesekken og kulturfeltet elles.

Året har også vore prega av at regjeringa arbeider med tre stortingsmeldingar om bibliotek, digitalisering og evaluering av museumsreformen. Etter planen skal desse leggjast fram for Stortinget våren 2009 og vil få mykje å seie for abm-sektoren framover.

2009 blir offisielt kulturminneår. Arkiv, bibliotek og museum er reine skattkammer og inneheld mange spanande historier frå fjern og nær fortid. Under opninga av året vil ABM-utvikling si hovudsatsing, Digitalt fortalt, bli lansert.

Oslo, 19. mars 2009

KARI GJESTEBY  
*styreleiar*

LEIKNY HAGA INDERGAARD  
*konstituert direktør*

# ABM-sektoren i tal

ABM-utvikling samlar inn, analyserer og publiserer årleg statistikk for bibliotek, museum og arkiv.

4 200 institusjonar sendte inn statistikk skjema til ABM-utvikling i 2008. Desse har rapportert for om lag 4 700 einingar eller sørvisstadar. Data frå folke- og skulebibliotek og arkiv vart handsama internt i ABM-utvikling, medan data frå fag- og forskingsbibliotek og museum vart handsama av Statistisk sentralbyrå.

Arkiva var for første gong med som del av den årlege statistikkinnhentinga til ABM-utvikling, og det blei henta inn tal frå 33 arkivinstitusjonar. Dette er ei pilotundersøking som femner reine arkivfaglege institusjonar. Siktemålet er å få inn data frå alle institusjonar som tek i mot arkivmateriale. Frå statistikkrapporteringa for 2008 blir det derfor stilt spørsmål om arkiv i skjema til bibliotek og museum. Statistikken for 2007 dekkjer såleis verksemda til dei reine arkivinstitusjonane.

ABM-landskapet femner mange ulike institusjonar, frå dei minste nesten utan personalressursar, til store institusjonar med fleire hundre tilsette.

Nokre tal frå 2007-statistikken kan gje eit inntrykk av den samla storleiken på ressursar og aktivitet i sektorane. Skulebiblioteka er ikkje med i desse tala. I museum, bibliotek og arkiv blei det utført over 7600 årsverk. Dei hadde totale brutto driftsutgifter på om lag 6 milliardar kr, og litt over halvparten av dette gjekk til løn.

Institusjonane hadde nær 39 millionar besøk, og for musea blei 2007 ein milepæl, då det totale besøket passerte 10 millionar. Institusjonane er såleis mykje nytta. Ein skal vere merksam på at besøk på institusjonane sine nettsider ikkje er tekne med i desse tala. Mange av institusjonane har nettsider som er mykje brukt, og stadig fleire tenester blir tilgjengelege på dette viset.

På biblioteksida ser vi at andre medier enn dei fysiske blir stadig viktigare, og her leiar fag- og forskingsbiblioteka utviklinga. Dei hadde meir enn 700 000 e-bøker og 400 000 elektroniske tidsskrift. Talet på utlån av fysisk materiale og nedlastingar

av elektronisk materiale passerte 10 millionar, og av dette var 60 prosent nedlastingar. I åra framover kan vi vente at nedlastbare medium vil gjere seg sterkare gjeldande også i folkebiblioteksektoren.

Dei 33 arkivinstitusjonane som rapporterte statistikk for første gong hadde 355 kilometer med fysisk arkivmateriale, men dei tek og imot elektroniske arkiv. I 2007 tok dei i mot 355 uttrekk frå slike arkiv. Brukarane av arkiva hadde 83 000 førespurnader til institusjonane, og nesten halvparten av desse er knytte til velferdsformål, 31 000 er spørsmål om eigedomsdokumentasjon, medan 13 000 er andre spørsmål.

#### INSTITUSJONAR

Folkebibliotek	807 faste bibliotekavdelingar
Fag- og forskingsbibliotek	322 sørvisstadar
Museum	294 museum
Arkiv	33 arkivfaglege institusjonar

#### BESØK

Folkebibliotek	22 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	6,1 millionar
Museum	10,4 millionar
Arkiv	43 000

#### TAL PÅ UTSTILLINGAR

Museum	3 192
--------	-------

#### STORLEIK PÅ SAMLINGANE

Folkebibliotek	21,8 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	49,2 millionar
Museum	39 millionar
Arkiv	326 000 hyllemeter

#### LØNA ÅRSVERK

Folkebibliotek	1796
Fag- og forskingsbibliotek	1584
Museum	3597
Arkiv	470

#### LØNSUTGIFTER

Folkebibliotek	766 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	612 millionar
Museum	1409 millionar
Arkiv	179 millionar

#### INNKJØP TIL SAMLINGANE

Folkebibliotek	144,8 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	346,4 millionar

#### UTLÅN

Folkebibliotek	24 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	4,1 millionar (6,1 millionar nedlastingar kjem i tillegg)

# ABM-utvikling i tal

I 2008 forvalta ABM-utvikling ei samla økonomisk ramme på 203 mill.kr. Til drift av institusjonen og sekretariatet for Den kulturelle skulesekken var kostnadene til saman 64,8 mill. Av desse midlane vart 11,4 mill. nytta til samarbeidsprosjekt. Til eksterne prosjekt vart det kostnadsført 26,9 mill. og til oppdragsverksemd (Nordbok-sekretariat og konsortieavtalar) 36,9 mill. I tillegg vart det nytta 72,7 mill. til faste tilskotsordningar og 1,8 mill. av spelemidlane til seglskuter.

## BUDSJETT TIL DRIFT, PROSJEKT- OG UTVIKLINGSTILTAK:

Prosjekttiltak	38,3 mill.kr
Løn	34,8 mill.kr
Lokal	7,4 mill.kr
Reiser og konferansar	4,0 mill.kr
Konsulenttenester	1,5 mill.kr
Trykkjekostnader	1,0 mill.kr
IT-utstyr, inventar	0,8 mill.kr
Porto	0,6 mill.kr
Kunngjeringar	0,5 mill.kr
Telefon	0,2 mill.kr
Andre kostnader	2,6 mill.kr
Faste tilskotsordningar	72,7 mill.kr
Spelemidlar seglskutene	1,7 mill.kr

## OPPDRAGSVERKSEMND:

Nordbok-sekretariatet	0,9 mill.kr
Konsortieavtalar	36,0 mill.kr
Sum	203,0 mill.kr

## PROSJEKTMIDLAR FOR 2008

Prosjekt for heile abm-sektoren	6,0 mill.kr
Prosjekt for arkivsektoren	3,0 mill.kr
Prosjekt for arkiv- og museumssektoren	1,7 mill.kr
Prosjekt for arkiv- og bibl.sektoren	0,1 mill.kr
Prosjekt for biblioteksektoren	15,8 mill.kr
Prosjekt for museumssektoren	11,7 mill.kr

## FORDELING AV KOSTNADER


Av den totale økonomiske ramma vart 26,3 % nytta til løn og andre driftskostnader og 73,7 % til prosjektmidlar, faste tilskot og oppdragsverksemd.

## TILSETTE I ABM-UTVIKLING


Ved utgangen av 2008 hadde ABM-utvikling 68 tilsette. Av desse var 64 fast tilsette og 4 mellombels tilsette i vikariat eller knytte til prosjektarbeid.



## Fordeling av prosjektmidler



## Fordeling av kostnader



# Læring, kunnskaps- og kulturformidling

**Mål** Arkiv, bibliotek og museum skal bidra til læring for menneske og formidle kunnskap og kultur.

## **ABM Hot Spot**

ABM Hot Spot er ei satsing der arkiv, bibliotek og museum skal setje fokus på aktuelle samtidsspørsmål. I ein Hot Spot blir budskapet og vinklinga spissa, og målet er å skape engasjement og debatt. Metoden skal hjelpe institusjonane til å bli meir samfunnsaktuelle og betre i stand til å delta i den offentlege debatten.

I 2008 har tankar om medverknad stått sentralt i prosjektet. Det har blitt stilt spørsmål om korleis ein agerer i forhold til dei gruppene ein snakkar om og ønskjer å formidle historia til. ABM-utvikling har arrangert to workshops om temaet der eksterne foredragshaldarar frå bistandsmiljø har vore med.

Vidare har det vore 2 samlingar i løpet av året. Oslo museum, Tromsø bibliotek og byarkiv, Kystmuseet i Nord-Trøndelag, Woxengs Samlinger/NORVEG og Norsk Teknisk Museum har fått tilskot for å vere med i 2008. Maihaugen, Norsk Folkemuseum og Fylkesarkivet for Vestfold har vore med utan pengestøtte.

## **Vonde minner**

I oktober lanserte Norsk Teknisk Museum Hot Spoten «Vonde minner». Overgrep mot tuberkulosesjuke barn på sanatorium på 50-talet vart dokumentert. Barna vart utsett for tvang i form av reiming, innesperring og tvangsforing. Utstillinga er personleg, vond og tankevekkjande. Hot Spoten er medisinhistorie og lokalhistorie på ein radikalt ny måte.

Som eit resultat av utstillinga var det mange som tok kontakt med Norsk teknisk museum for å fortelje om si eiga oppleving som pasient på barnesanatorium i Noreg. Dette har resultert i publikasjonen *Sanatoriebar*n som Diakonhjemmets Høgskole og Nasjonalt medisinsk museum – Norsk Teknisk Museum har gitt ut i samarbeid med ABM-utvikling.

## **Oversikt over Hot Spot-prosjekt 2008**

- Norsk Folkemuseum: «Den skal tidlig krøkes...» – om barn og klede
- Norsk medisinsk museum:
  - 1) «ID-tyveri»

2) «Vonde minner» – om sanatoriebarna på Grefsen

- Tromsø bibliotek: «Ikke kast bort jula!» – om forbruk knytt til jula
- Kystmuseet Norge: «Krykkja» – digital historie om naturvern vs. kulturvern og arbeidsmiljø

### **Lesefrø**

Bibliotekfilialar i barnehagane skal sørge for at innvandrarbarn ikkje droppar ut av skolen. Målet er å legge til rette for språkstimulering ved å tilby litteratur og leseaktivitetar til barnehagar. Alle barna får tilbod, men det blir spesielt fokusert på aktivitetar som kan gagne minoritetsspråklege barn. «Lesefrø» er eit pilotprosjekt som i første omgang blir prøvd ut i Oslo og Kristiansand. Biblioteka i desse to byane er valt ut til å opprette bibliotekfilialar i to lokale barnehagar kvar. Prosjektet går over to år med oppstart i september 2008 og er eit samarbeidsprosjekt med Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger. Lesefrø er ei vidareføring av prosjektet Boktras.

### **Fleire fengselsbibliotek**

Ein auke på fire millionar kroner i posten for bibliotektenester til innsette, gjorde 2008 til eit år med høg aktivitet. Det blei inngått avtalar med åtte nye folkebibliotek om å levere tenester til Vadsø, Larvik, Sandeid, Ravneberget, Gjøvik, Vestre Slidre, Vik og Indre Østfold fengsel. I tillegg gjekk ABM-utviklings prosjekt med utprøving av bibliotektenester til Hustad fengsel over i fast

drift. Desse fengsla har til saman om lag 400 soningsplassar. Tenestene som no er finansiert over statsbudsjettet, dekkjer dermed om lag 85 prosent av soningsplassane som har behov for eit tilbod. Ein ytterlegare auke i tildelinga for 2009 gjer at målet om full dekning no er innan rekkevidde.

### **Idrett og lesing**

Idrett og lesing er eit prosjekt i regi av Foreningen Iles, og blir støtta av ABM-utvikling. Prosjektet brukar idretten som arena for litteraturformidling, og rettar seg mot både breidde- og eliteidretten. Ein viktig del av arbeidet retta mot breiddeidretten står garderobebibliotekarane for. Garderobebibliotekarane møter utøvarane på deira heimebane, i garderoben og mange andre stadar. Prosjektet blei presentert av Stig Elvis Furset på IFLA-konferansen i Quebec i 2008. I desember var Foreningen Iles i Warszawa og dei er no i gang med å få til ein samarbeidsavtale med European Youth Center i Polen.

### **Bibliotek for transportarbeidarar**

7. oktober 2008 opna Noregs andre transportarbeidarbibliotek, på Furulund kro i Stokke i Vestfold. Vestfold fylkesbibliotek hadde fått 75 000 kroner i utviklingsmidlar frå ABM-utvikling til etableringa. Bibliotektenesta skal spesialrettast mot trailersjåførar. I løpet av dei to neste åra er målet å få etablert eit landsdekkande tilbod av slike transportarbeidarbibliotek.

## BRUDD

BRUDD er eit museumsprosjekt om marginaliserte historier og kritisk formidling. Poenget er å gjere musea meir aktuelle og aktive, reflekterte og kritiske. I prosjektet møtest 10-12 museum og ABM-utvikling for å diskutere idear, prosessar og formidlingstiltak.

I tillegg til å gje økonomisk støtte er ABM-utvikling ein pådrivar og ein diskusjonspartnar som skal vere med på å gje institusjonane mot til å våge. I gruppa får dei bryne seg på kvarandre. Som i prosjektet Hot Spot har BRUDD sett fokus på medverknadstankegangen. Korleis agerer deltakarane i forhold til dei gruppene dei snakkar om?

Nokre BRUDD-prosjekt i 2008

- *Uhorste stemmer og glemte stader - fortellinger fra utviklingshemmedes historie.* Det er eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt om dei utviklingshemma si historie i Noreg. Prosjektet er eit samarbeid mellom Sør-Troms museum avd. Trastad samlingar, Emma Hjorth museum, Medisinsk museum på Norsk Teknisk Museum, Sverresborg Trøndelag folkemuseum og Bymuseet i Bergen.
- *Minda - piken på apoteket.* Med utgangspunkt i ei verkeleg hending på Svaneapoteket i Trondheim i 1888 ønskjer Sverresborg Trøndelag folkemuseum å rette søkelyset på det tidlause ved overgrep.
- *Krigsbarn.* Det er eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt ved Helgeland museum. I 2008 vart òg utstillinga *Av utenlandsk opprinnelse* lansert. Den handlar om innvandrarfamiliar på Helgeland.

- *Til jordens ender.* Dette er ein samletittel for tre utstillingar om norsk misjonshistorie Bymuseet i Bergen hadde i 2008. Saman ga utstillingane eit mangfaldig og tankevekkjande inntrykk av misjonens kultur møte, av norsk misjonskultur og av det norske blikket på verda.

## Medverknad

Retten til medverknad er eit viktig prinsipp for å inkludera ulike grupper i samfunnet. I abm-samheng gjeld dette hovudsakeleg to typar grupper:

- grupper formidlinga/dokumentasjonen gjeld
- ulike målgrupper med eller utan tilknytning til museet, arkivet og biblioteket.

Bruk av aktiv medverknad kan sikre at ulike målgrupper får eit eigarforhold til institusjonen eller stoffet institusjonen jobbar med.

ABM-utvikling ser det som viktig å få utveksla og systematisert erfaringar på dette feltet, og organiserte difor to arbeidsseminar om medverknad i 2008. Det eine hadde som mål å kartleggje og utveksle ulike typar erfaringar, medan det andre ga ei innføring i ulike typar metodiske verktøy for medverknadsprosessar. Eksterne foredragshaldarar frå blant anna bistandsmiljøet var med på seminara. Abm-institusjonar som deltok var Kristiansand folkebibliotek, Kongsberg bibliotek, Oslo byarkiv, Opplandsarkivet, Vestfold fylkesarkiv, Alta museum, Dalane folkemuseum, Kulturhistorisk museum i Oslo, Oslo museum, Drammen museum, Ryfylkemuseet og Glomdalsmuseet.

## Studie i museumsformidling

I 2008 vart det andre kullet uteksaminert frå studiet i museumsformidling ved Høgskolen i Oslo. Museumsformidlingsstudiet vart oppretta i 2006 som eit deltidsstudium for museumspedagogar, lærarar og andre som jobbar aktivt med formidling. Studiet er eit samarbeid mellom ABM-utvikling og høgskolen der ABM-utvikling har vore med i alt frå planlegging og utvikling til sjølv gjennomføringa. Målet med studiet er å styrkje og systematisere kvaliteten på museumsformidlinga. Studiet er på 60 studiepoeng og blir gjennomført på deltid over to år. Det er delt i 4 emne: Museum og samfunn, Utstillingar – utvikling og utforming, Målgrupper og Museumsformidlar.

I 2008 starta ABM-utvikling i samarbeid med Høgskolen i Oslo planlegginga av ei vidareføring av studiet. Første modul vil handle om «Museum – samling og formidling» (15 studiepoeng) med oppstart medio februar 2009. Hovudtema i denne modulen er utvikling og organisering av samlingar, bruk av samlingar i formidling og involvering av publikum i samlingsarbeid. Den andre modulen, «Digitalisering og digital formidling» (15 studiepoeng), skal kaste lys over bruk av digitale format i samlingar og i formidlingsverksemd i utstillingar og på nett. Dette tilbodet kjem hausten 2009.

Målet er at dette skal bli eit masterstudium i museumsfag.

## Sekretariatet for Vitensenter

Midlane frå Kunnskapsdepartementet til utvikling av regionale vitensenter blir forvalta av Forskningsrådet

ved Vitensenterstyret. Viten-senterstyret er oppnemnt av Forskningsrådet i samarbeid med ABM-utvikling. Programmet hadde i 2008 eit budsjett på 18,5 Mkr og skal brukast til drift av 7 vitensenter. Både Forskningsrådet og ABM-utvikling bidreg med administrative ressursar til programmet.

## Mangfaldsåret 2008

Mykje av tiltaka og førebuingane til mangfaldsåret gjorde ABM-utvikling i 2007. I utlysning av prosjektmidlar for 2008 ba vi eksplisitt om søknadar med relevans for mangfaldsåret. Vi fekk inn 40–45 aktuelle søknadar der 18 fekk tildelt støtte på til saman om lag 3,3 millionar kroner. 7 av våre arrangement/konferansar hadde mangfald som tema eller deltema. I tillegg til dette arrangerte ABM-utvikling ein personaltur til Göteborg med mellom anna fokus på kulturelt mangfald og erfaringar frå Mångkulturåret 2006 i Sverige.

## Kulturminneåret 2009

ABM-utvikling er medlem av den nasjonale koordineringsgruppa for Kulturminneåret saman med Norges kulturvernforbund, Riksantikvaren, Kommunenes sentralforbund og Norges Museumsforbund. Koordineringsgruppa har ansvar for å utvikle og gjennomføre strategi for Kulturminneåret, følgje opp tiltak og koordinere den offentlege og den frivillige innsatsen på lokalt, regionalt og nasjonalt plan.

## **KAFF-prosjektet (Kulturarv – forskning og formidling)**

Norsk kulturråd, ABM-utvikling og Riksantikvaren samarbeider i eit prosjekt om forskning og formidling knytt til kulturarv og kulturvern (KAFF). Samarbeidet skal bidra til fornying av praksis innan det samla kulturvernet. Overordna mål for prosjektet er å skape nye forståingar for kva kulturarv betyr for samfunnet. Delmål er å stimulere til forskning og FoU-aktivitet innanfor kulturarvfeltet som grunnlag for kunnskapsbasert forvaltning og politikk-utvikling.

Det har blitt arrangert to seminar i 2008, i samarbeid med mellom anna forskingsinstitusjonar og frivillige organisasjonar. Samtidig har prosjektet samanfatta kunnskaps- og forskingsbehov på kulturarvfeltet i eit felles dokument. Det har vore god dialog med Forskringsrådet, mellom anna om forskingsprogram som kan imøtekomme kunnskapsbehov i forvaltninga og i institusjonane.

Prosjektet går over tre år, 2007–2009.

## **Læringsdagane**

Føremålet med Læringsdagane er å vise kva som finst av læringstilbod for vaksne i Noreg, marknadsføre læring som utviklingsmuligheit og få fleire vaksne inn på meiningsfylte læringsarenaer. Læringsdagane blir koordinerte av Vaksenopp-læringsforbundet i samarbeid med ei referansegruppe. Denne er sett saman av ei rekkje aktørar som har til oppgåve å gi råd og informere og initiere aktivitet i eige miljø. Ein av desse aktørane er ABM-utvikling, som i 2008 også deltok i ei arbeids-

gruppe som førebudde Læringsdagane. Læringsdagane 2008 blei arrangerte i september.

## **Grundtvig-programmet**

Grundtvig er eit av fire sektorprogram under EU sitt store program for livslang læring (LLP). Grundtvig-programmet legg til rette for vaksne si læring gjennom eit stort mangfald av moglege brukarar, tema og arenaer for læring. Noreg deltek i LLP gjennom EØS-avtalen. ABM-utvikling deltek i det norske programutvalet for Grundtvig. Utvalet skal arbeide for å sikre best mogleg norsk deltaking i programmet, bidra til spreining av informasjon og resultat og gi råd og tilrådingar til den norske programoperatøren, Senter for internasjonalisering av høgere utdanning (SIU).

## **Universell utforming**

ABM-utvikling arbeider for å betre framkomsttilhøva for alle i vår sektor. Dette skjer gjennom støtte og gjennomføring av konferansar, nettverksbygging og arbeid for universell utforming av IKT. I 2008 blei det mellom anna gitt ut ein rapport, «ABM-skrift #50: På nett? Tilgjengelighet og web i abm-sektoren» og arrangert to seminar som oppfølging av denne.

## **Den kulturelle skulesekken**

Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken ligg i ABM-utvikling og har det daglege ansvaret for arbeidet med skulesekken på nasjonalt nivå. Sekretariatet arbeider vesentleg med forvaltingsoppgåver knytt til spelemidlane; informasjonsarbeid til ulike

miljø, mellom anna utstrekkt foredragsverksemd og nettbasert informasjon; arrangering av nettverks- møte og referansegruppemøte og anna nettverks- arbeid og møteverksemd.

29. april 2008 vart stortingsmelding nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk i framtida* vedteke av Stortinget. Sekretariatet har ansvaret for oppfølginga av meldinga. Den kulturelle skulesekken er no utvida til å gjelde vidaregåande skule, og frå og med hausten 2008 var heile 15 fylke allereie i gang.

I 2008 jobba sekretariatet meir internasjonalt enn tidlegare. Den kulturelle skulesekken i Noreg er leiar av eit nordisk nettverk for kunst og kultur i skulen. Nettverket har styrka si stilling i 2008. Det har generelt vore ei aukande interesse internasjonalt for Den kulturelle skulesekken, og i Sverige blei det starta eit liknande tiltak i 2008: En skapande skole. Vidare har sekretariatet mellom anna vore i Canada for å presentere den norske satsinga.

Sekretariatet har arrangert fleire fagseminar, *Nystemt 2008* og utdelinga av *Gullsekken*.

Samla sett var det over 1000 ulike produksjonar i skulesekken i 2008 og 29 000 enkeltarrangement for til saman 3 millionar elevar i grunnskolen. Det er no full dekning i grunnskolen og i gjennomsnitt får kvar elev fem tilbod frå Den kulturelle skulesekken i løpet av skuleåret.

# Utvikling av digitalt innhald og digitale tenester

**Mål** Arkiv, bibliotek og museum skal gi innbyggjarane enkel tilgang til viktig materiale i digitalisert form og levere gode digitale tenester.

## **Styrking av digital infrastruktur i abm-sektoren**

Arkiv, bibliotek og museum har i stor grad hatt digitale katalogar og data lagra i små, lokale basar. Dette har bremsa utviklinga og gjort det vanskeleg å utvikle nye og gode tenester på Internett. I 2008 styrka ABM-utvikling arbeidet med nasjonale fellesløysingar. Slike løysingar er naudsynte for at institusjonane skal få betre arbeidstilhøve. Det opnar og for å laga gode formidlingstenester sektorvis eller for abm-sektoren samla, jfr. ABM-søk.

Til dette arbeidet løyvde ABM-utvikling i 2008 800.000 kroner til arkivsektoren. Pengane skal brukast til å utvikle ei sentral databaseløysing basert på arkivløysinga Asta. Denne skal avløyse mange lokale basar og opne for direkte formidling av nytt materiale på Internett. Det vart sett av 1,8 millionar til å etablere ei felles søketeneste for biblioteka. Museumsektoren fekk 1,25 millionar for å utvikle

sentrale løysingar for gjenstandar, foto og kunst i musea, basert på museumsløysinga Primus. Her og vil vegen til tenester på Internett vere svært kort.


Primus Web vart opna i februar 2008. Gjennom PrimusWeb kan brukarane søkje etter gjenstandar og foto som er registrerte i Primusbasar. Arbeidet har vore støtta av ABM-utvikling som ledd i arbeidet med betre formidlingstenester. ABM-utvikling hadde i 2008 tett dialog med utviklarane av Asta (for arkiv) og Primus (for museum). Føremålet med denne dialogen var å få til målretta satsing på infrastruktur og nasjonale fellesløysingar. Dette arbeidet vert ført vidare i 2009.

## **ABM-søk**

Arbeidet med ABM-søk starta opp med ein pilot i 2007. Målet var å prøva ut ei løysing for eit samla ABM-søk. Data frå Nasjonalbiblioteket, Riksarkivet, Deichmanske bibliotek, Digitalarkivet, utvalde nett-



**Aleksander Pettersen var ein kjent reisande i Sunnhordland på midten av 1900-talet. Han jakta mykje på sjøfugl.** Foto, Karmsund folkemuseum



stader og frå abm-institusjonar i Sogn og Fjordane vart nytta i utvikling av piloten. Piloten blei ferdig gjennomført i desember 2008. I januar 2009 vart det skipa til ein workshop om dette for sentrale fagmiljø. Resultata frå arbeidet med piloten vart nytta til å setje søkelys på muligheiter og utfordringar i vidare arbeid med eit felles ABM-søk i Noreg. Resultata frå piloten er eit viktig grunnlag i arbeidet med å etablere eit permanent ABM-søk, noko som skal gjerast i løpet av 2009.

### **Biblioteksøk**

ABM-utvikling starta i 2008 opp eit samarbeidsprosjekt med Nasjonalbiblioteket. Målet var å utvikle eit felles *Biblioteksøk*, ei søketeneste for alle bibliotek, men og å erstatta den gamle samkatalogen til Nasjonalbiblioteket. Målet er å etablere ei netteneste som skal gje brukarane *ein* søkeinngang til norske bibliotekatalogar, gjere det mogleg å bestille lån med levering på det biblioteket brukaren sjølv ønskjer eller heim i postkassa. I 2008 vart fase 1 av prosjektet gjennomført.

### **Europeana og EuropeanaLocal**

ABM-utvikling er ein av 145 kulturinstitusjonar som har vore med i nettverket bak portalen Europeana. Europeana er ein felles, fleispråkleg inngang til dei europeiske abm-institusjonane. Brukaren skal kunne finne digitale objekt som filmklipp, lydopptak, foto, maleri, kart, manuskript, arkivmateriale, kunsthistoriske og arkeologiske gjenstandar. Berre ein brøkdel av dette materialet har vore tilgjengeleg for brukaren før. Europeana blei opna 20. november 2008.

### **EuropeanaLocal**

ABM-utvikling er saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune partner i EuropeanaLocal. ABM-utvikling sit og i styret for prosjektet. EuropeanaLocal starta opp 1. juni 2008 og varer til juni 2011. Prosjektet har 32 partnerar frå 27 land. Regionale og lokale abm-institusjonar i desse 27 landa skal levere digitalt innhald til Europeana. Over 20 millionar aktuelle digitale objekt frå abm-institusjonar er registrerte i desse regionane. Gjennom dette prosjektet skal ein arbeide for at kjelder i lokale og regionale abm-institusjonar i Noreg skal bli tilgjengelege gjennom Europeana og sikre breidde og representasjon i tilbodet til brukarane. ABM-utvikling vil invitere abm-institusjonar i fleire fylke til å ta del i arbeidet og få høve til å levere data til Europeana. Arbeidet i EuropeanaLocal vert og sett i nær samanheng med ein nasjonale infrastruktur og arbeidet med ABM-søk. Prosjektet gir svært verdfull erfaring og representerer eit viktig internasjonalt nettverk.

### **Handlingsplanar for digitalt ABM i fylka**

I april 2008 lyste ABM-utvikling ut ein million kroner for å få i gang planarbeid om abm-samarbeid og nettbasert formidling i to-tre fylke. Arbeidet skulle ha overføringsverdi til andre fylke, og inkludere abm-institusjonar, regionale kulturnett, fylkeskommune, kommunar, viktige brukargrupper som skule og næringsliv og andre viktige aktørar. Ti fylke søkte. ABM-utvikling hadde samtalar med alle søkjarane, og inngjekk til slutt samarbeidsavtale med Vestfold, Møre og Romsdal og Nordland. Det

har vore oppstartsmøte i alle fylka i løpet av året, og i januar 2009 byrja fylka kartlegging av sine abm-institusjonar. Målet er å få til god regional samordning der abm-institusjonar, forvaltningsnivå og brukarar i fellesskap utviklar samarbeidsmodellar og gode digitale tenester og digitalt innhald. Andre fylke har og teke opp liknande arbeid etter same modell.

### **Konsortieavtalar**

Konsortieavtaler i ABM-utvikling betyr framforhandling, lisensiering og administrasjon av ulike typar betalingstenester for tilgang til elektroniske ressursar, som artikkel- og referansedatabasar, e-bøker samt ordbøker og leksika. I 2008 brukte ABM-utvikling 3,5 årsverk på arbeid med avtalane. 30 konsortieavtalar, med til saman 984 deltakarar frå 351 ulike norske institusjonar var omfatta av avtalane. Til saman administrerte ABM-utvikling avtalar for meir enn 80 millionar kroner.

### **Støtte til store norske leksikon**

Store norske leksikon blir open og tilgjengeleg for alle frå februar 2009. ABM-utvikling underteikna ein treårig samarbeidsavtale og løyvde 1 million kroner i utviklingsmidlar til prosjektet i 2008. Målet er å finne gode modellar for å nytte dei rike kjeldene innan abm-sektoren og Kulturnett inn i det nasjonale nettleksikonet.

### **Kulturnett.no**

I 2008 starta arbeidet med ei ny versjon av Kulturnett.no. Tenesta vart nærare knytt til

arbeidet i abm-institusjonane og tenestene dei utviklar. Søketenester, design og brukargrensesnitt vart og endra for å gjera institusjonane og det regionale arbeidet meir synleg. Ein ny versjon vil bli lansert i mars 2009. Ny versjon av kulturnett sin kulturkalender vart lansert i 2008. Kulturnett.no har hatt kring 90.000 besøk pr. månad.

### **Regionale kulturnett**

Kulturnett.no er eit landsdekkande nettverk der samarbeidet med regionale kulturnett rundt i heile landet er heilt sentralt. Desse regionale nettverka representerer viktig kompetanse når det gjeld nettbasert kulturformidling. Dei har soleis vore avgjerande for å kunna byggja opp ein god organisasjon for prosjektet Digitalt Fortalt.

Aust-Agder kulturnett blei lansert 12. november 2008. Dermed er det 12 regionale kulturnett i Noreg. I 2009 vil det kome regionale kulturnett i Oppland, Rogaland og Finnmark. ABM-utvikling starta og arbeidet med å greie ut om felles infrastruktur for alle dei regionale netta. Dette skjedde etter ynskjer frå dei regionale kulturnetta.

Dei regionale kulturnetta i Østfold og Trøndelagsfylka relanserte i 2008. Kulturnett Østfold relanserte sine nettsider der dei no tek i bruk web 2.0 teknologi. Brukarane kan diskutere, laste opp bilete på «Mitt kulturnett» og fleire nettsider samtidig, og alle artikkane kan lenkast til Facebook. Kulturnett Troms har fått nye nettsider. Offisiell lansering av nettsidene var 20. januar 2009, men dei nye nettsidene var i bruk allereie i 2008.

## Ønskebok

Ønskebok.no er ein ny, morosam og intuitiv måte å søke etter bøker på, basert på lesaren sine egne erfaringar og personlege val. Prosjektet blei starta opp av ABM-utvikling og lansert i 2007. Det skal no, etter utlysning i 2008, overtakast av ein annan institusjon.

## Litteratursiden.no

Sølvberget, Stavanger bibliotek og kulturhus, fekk 1 million kroner i støtte av ABM-utvikling i 2008 til å etablere det nasjonale, 5-årige prosjektet Litteratursiden.no. Sølvberget skal gjøre dette i samarbeid med Rogaland fylkesbibliotek og kulturavdelinga i Stavanger kommune. Litteratursiden.no skal samle ressursane som finst spreidd omkring i norske bibliotek til ei aktuell, engasjerande, offensiv og leiken teneste. Denne skal spegle det skattkammeret av litteratur og litteraturkunnskap som biblioteka er.

## Sublima

Sublima står for «SUBject tool for LIBraries, Museums and Archives». Dette er eit publiseringsverktøy for web som spesielt støttar utvikling av emneportalar av same type som Deichmanske biblioteks DETEKTOR og SMIL. Prosjektet skjer i samarbeid mellom Deichmanske, Universitetet i Oslo og ABM-utvikling. Meininga er at dette verktøyet skal lisensierast ut som fri programvare.

## Biblioteket som læringsarena for digital kompetanse

I det digitale informasjonssamfunnet blir det forventat at alle er på nett. Men det er ei stor gruppe som

fell utanfor. Ifølgje rapporten *Borger og bruker* (2008) frå Vox er det over ein fjerdedel av befolkninga som ikkje beherskar dagens digitale teknologi.

Derfor har ABM-utvikling peikt ut fire bibliotek som «modellbibliotek». Desse fekk i 2008 450.000 kroner på deling for å utvikle seg som læringsarenaer for digital kompetanse. Biblioteka i Arendal, Drammen, Lillehammer og Trondheim skal lage ein modell som alle landets folkebibliotek skal kunne ta i bruk. Meininga er at dette skal vere ein viktig del av regjeringas plan for digital kompetanseheving i befolkninga. Prosjektet har fått støtte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

## Digital tilgang til arkiv – utgreiing og utvikling av standardar

For å sikre befolkninga digital tilgang til kunnskap og opplevingar frå arkiva, satsar ABM-utvikling på arbeid med ein felles teknisk infrastruktur som skal gjere det enklare for arkivinstitusjonane å arbeide med digital tilgang.

I 2008 har det derfor blitt starta opp eit samarbeid med Riksarkivaren om presentasjon av beste praksis og gode rutinar frå eit knippe utanlandske digitaliseringsprosjekt. I samarbeid med Riksarkivaren har det og blitt sett i gang kartlegging og vurdering av standardar for relevante metadata for arkivsektoren. Ei arbeidsgruppe frå kommunal sektor har på ABM-utviklings initiativ arbeidd med god praksis for digitalisering av kommunalt arkivmateriale, særleg møtebøker frå 1837 og mot vår tid. Til saman vil desse tre prosjekta danne eit viktig grunnlag for å få etablert standardar og retningslinjer på området.

## Kulturarven til alle – ABM-konferansen 2008

ABM-konferansen 2008 inviterte til debatt om korleis arkiv, bibliotek og museum skal vera aktive i utvikling og definering av abm-institusjonane si samfunnsrolle i lys av den nye teknologien. Statssekretær Halvard Ingebrigtsen gjorde greie for departementet sitt arbeid på dette feltet. Abm-arbeidet i Europa vart og breitt presentert. Konferansen var fullteikna med meir enn 300 deltakarar.

## Digitalt fortalt

ABM-utviklings bidrag til markering av Kulturminneåret er *Digitalt fortalt*. Gjennom 2008 har denne tenesta blitt førebudd og utvikla. Lanseringa av første versjon føregjekk på opninga av Kulturminneåret 2009 i februar 2009. *Digitalt fortalt* er personlege forteljingar knytt til kulturminne frå heile landet. Ein er ute etter personlege forteljingar som er spanande, uvanlege, oppsiktsvekkande, engasjerande, vanskelege, morosame eller avslørande.

ABM-utvikling ønskjer at arkiv, bibliotek, museum, frivillige lag og foreiningar og enkeltpersonar tek i bruk *Digitalt fortalt* for å fortelje sine historier. Det er håp om tenesta skal vekse til ein stor forteljingsbase som syner breidda og variasjonen i omgrepa kulturminne og kulturarv i mange år framover. *Digitalt fortalt* skal utviklast vidare etter 2009. *Digitalt fortalt* er eit viktig element i arbeidet med å styrka den digitale kompetansen i abm-institusjonane.

## Biblioteklaboratoriet

Biblioteklaboratoriet starta i 2007 og er eit samarbeidsprosjekt mellom ABM-utvikling og Høgskolen

i Oslo. Målet er å vere ein «sandkasse» for bibliotekarar og andre interesserte som syslar med utvikling av bibliotekdata og sosial teknologi, ein stad å utvikle tenester og løysingar på prototypenivå. Eit av måla er å bidra til utvikling av tekniske løysingar som utnyttar bibliotekas data på nye og betre måtar, noko som igjen skal føre til betre tenester for publikum.

Prosjektideen tar utgangspunkt i nye måtar å tilby og dele informasjon på, først og fremst ved at brukarane, i større grad enn før, bidrar til innholdsproduksjon på nettet. På biblioteklaboratoriet.no blir erfaringar presenter og delt gjennom prosjektgruppa's blogginnlegg, eller gjennom ein wiki.

I 2008 blei det og arrangert ein workshop på Høgskolen i Oslo. Biblioteklaboratoriet fekk 200 000 kroner i prosjektstøtte frå ABM-utvikling i 2008.

## Pode

I fjor lyste biblioteklaboratoriet ut ein konkurranse om beste mash-up-ide. Dette resulterte i prosjektet Poda som blir drive av Deichmanske bibliotek i Oslo og støtta av ABM-utvikling. Ideen går ut på at ein ønskjer å kople saman bibliotekdata med andre kjelder (mash-up) som for eksempel film og musikk. Dette skal føre til mellom anna rikare og meir brukarvenlege trefflistar når ein søker i bibliotek-katalogen. Dette prosjektet fekk 850 000 kr i prosjektstøtte frå ABM-utvikling i 2008.

# Utvikling og sikring av samlingar, og tilgang til dei

**Mål** Abm-institusjonane si samlingsforvaltning skal vere basert på høg fagleg kvalitet og langsiktig planlegging. Samlingsforvaltning omfattar både innkjøp, innsamling og mottak av avlevert/deponert materiale, bevaring og sikring, dokumentasjon og omtale, tilrettelegging og felles ressursutnytting.

## **Privatarkiv i musea**

ABM-utviklings kartlegging og statistikk viser at norske museum oppbevarar meir enn 1/4 av det som er bevart av privatarkiv i Noreg. Mykje er både utilfredsstillande sikra og lite tilgjengeleg for forskarar og publikum.

ABM-utvikling og Riksarkivaren har derfor sett i gang prosjektet «Privatarkiv i musea». Det tar sikte på kvalitetsheving, standardisering og effektiv samhandling. Prosjektets hovudmål er å bidra til at privatarkiv i konsoliderte museum skal vere godt oppbevart, ordna og tilgjengelege for bruk

Den regionale samhandlinga i privatarkivarbeidet byggjer på at institusjonane i eit fylke samordnar innsamlinga av arkiv (geografisk, tematisk o.l.). Denne samordninga skal også omfatte musea.

Dette inneber mellom anna at musea i sine planar for samlingsforvaltning tar stilling til om dei skal samle inn privatarkiv og etter kva kriterium dette eventuelt skal skje.

I 2008 er det gjennomført pilotprosjekt i fire fylker. Litt arbeid gjenstår i eit par fylke, men pilotprosjekta har allereie gitt svært gode resultat i forhold til måla. Prosjektet blei derfor vidareført i to nye fylke, med oppstart hausten 2008.

## **Tilstandsvurdering i musea**

I fleire år har ABM-utvikling arbeidd med ei landsomfattande tilstandsvurdering av museumssamlingar. I 2008 var arbeidet fullført. Undersøkinga har blitt gjennomført i samarbeid med fylkeskommunane og institusjonane. Målet med arbeidet har



Ein familie med seks barn. Familien reiste mykje i båt mellom Bergen og Sunnfjord fram til 1940. Foto. Karmsund folkemuseum

vore å gi informasjon om status og behov for registrering, sikring og bevaring på lokalt, regionalt og nasjonalt plan.

Alle institusjonane har fått tilbakemelding og det same har fylkeskommunane. I denne vert dei gjort merksame på korleis tilstanden i samlingane er og kva som må betrast. Rapporten vil danne grunnlag for vidare satsing på samlingsforvaltning på ulike plan i fleire år framover.

### **Benchmarking med bruk av resultat- og styringsindikatorar**

ABM-utvikling oppretta i 2008 to prosjektgrupper, ei for folkebibliotek og ei for universitets- og høgskolebibliotek. Desse skulle utvikle eit verktøy for evaluering og styring av eige bibliotek – og for samanlikning med andre bibliotek. Prosjektgruppene skulle kome fram til eit felles anbefalt sett av indikatorar (eit for folkebiblioteka og eit for universitets- og høgskolebiblioteka) som skulle seie noko om bibliotekas kvalitet/prestasjon/aktivitet. Det føreligg no forslag til indikatorar som skal prøvast ut i biblioteka. Prosjektgruppene vil avslutte arbeidet i 2009.

# Samhandling og nytenking innanfor organisasjons- og nettverksbygging

**Mål** Abm-institusjonane skal ha god tilgang på fagkompetanse og andre viktige ressursar, både gjennom eigen organisasjon og gjennom faglege nettverk.

## **Vertskommunemodellen**

Tre samarbeidsprosjekt har fått midlar frå ABM-utvikling for å greie ut om biblioteksamarbeid mellom fleire kommunar innanfor vertskommunemodellen.

Mange kommunar har ikkje fagutdanna biblioteksjef, og/eller det faglege miljøet består av ein eller svært få personar. Gjennom eit tett samarbeid mellom fleire nabokommunar – med biblioteket i ein av kommunane som «vert» – kan desse biblioteka hjelpe kvarandre til å imøtekome dagens og framtidas krav til utvikling av biblioteka i kunnskapssamfunnet.

### **MIDLANE ER GITT TIL FØLGJANDE PROSJEKT:**

- Kommunar som inngår i Ofotbiblioteka: Narvik, Tysfjord, Ballangen, Evenes og Tjeldsund og Hamarøy. Narvik er vertskommune.

- Sju kommunar i Sunnhordland: Kvinnherad, Bømlo, Stord, Sveio, Fitjar, Etne og Tysnes. Bømlo er vertskommune.
- Fire kommunar på Senja: Lenvik, Berg, Torsken og Tranøy. Lenvik er vertskommune.

Prosjekta skal greie ut om korleis vertskommunemodellen konkret kan bli gjennomført i samarbeid mellom fleire kommunar. Prosjekta skal forankrast i den administrative/politiske leiinga i kommunane. I utlysingsteksten heiter det at utgreiinga bør resultere i ein plan som bør vere så realistisk at han kan setjast i gang viss konklusjonane er positive med omsyn til eit vertskommuneprosjekt.

Utgreiingane skal vere klare seinast 1. mai 2009.

**Rammedokument for kompetanseutvikling**  
Bibliotekreform 2014 sette fingeren på dei områda



innan biblioteksektoren kor det er behov for utvikling. Rammedokumentet for kompetanseutvikling er ei konkret oppfølging av Bibliotekreform 2014. Dokumentet skal bidra til utforming av klare planar for kompetanseheving på seks hovudområde: Leiing, digital kompetanse, formidling over ein brei skala, utvikling av biblioteket som læringsarena, marknadsføring av bibliotektilbodet og kulturelt mangfald. Det har pågått ein prosess sidan sommaren 2007 i samarbeid med forskjellige organisasjonar innan sektoren, bibliotekleiarar og bibliotekeigarar. Dette har førebels munna ut i ein rapport. Denne ligg ute til høring på ABM-utviklings nettsider, med frist 10. januar 2009. Rammedokumentet vil danne eit godt grunnlag for eit innsatsprogram for kompetanseutvikling i både fag- og folkebiblioteka.

## Museumsreforma

Museumsreforma tek utgangspunkt i *St.meld. nr. 22 (1999–2000) Kjelder til kunnskap og oppleving*, med ei grundig oppdatering i *St. meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014*. Målet med reforma er å etablere sterkare fagmiljø som vil styrkje musea som aktive og aktuelle arenaer for kunnskap og oppleving.

Reforma er no inne i ei slutfase. I 2008 vart det lagt eit stort trykk frå politisk leiing i Kultur- og kyrkjedepartementet for å få i gang nye konsolideringsprosessar. Møteverksemda med desse musea var stor i 2008.

Ei viktig målgruppe i året som gjekk har vore museumsleiarar og -styreleiarar. I samarbeid med Noregs museumsforbund arrangerte ABM-utvikling eit seminar om korleis ein styrer eit museum.

Seminaret tok føre seg emne som kva slags rolle og oppgåver styret skal ha, tilhøvet mellom styre og dagleg leiar/direktør, tilhøvet mellom driftsstyre og eigarstyre og leiaransvar, ytringsfridom, lojalitet og medraderett.

I samband med stortingsmeldinga om status i museumsreforma og endringane i museumslandskapet som skal kome i 2009 har ABM-utvikling hatt ei sentral rolle på slutten av året med å handsama underlagsmateriale som er rapportert frå musea og fylkeskommunane.

## Museumsnettverka

Museumsnettverka spelar ei viktig rolle i museumsutviklinga og er med på å gjere musea betre. Dei ulike nettverka har ulike utgangspunkt, ulik status og ulikt aktivitetsnivå. Samtidig deler dei ein del generelle likskapsteikn og utfordringar. I september arrangerte ABM-utvikling den årlege nettverksamlinga for dei nettverksansvarlege musea. Det overordna temaet for samlinga var: «Museumsnettverk som prosjektorganisasjon».

### DESSE 23 NETTVERKA VAR MED I 2008:

- Arbeiderkultur
- Bergkunstnettverket
- Bergverksnettverket
- Byggnettverket
- Drakt og tekstil
- Handverk
- Herregårdsnettverket
- Kulturlandskap
- Kunstnettverket

- Kvinnehistorie
- Kystkultur
- Landbruksnettverket
- Litteraturnettverket
- Luftfart
- Magasin og bevaring
- Medisinsk historie
- Minoriteter og kulturelt mangfold
- Musikk og musikkinstrumenter
- Samisk kultur
- Samtidsnettverket
- Sjøfartsnettverket
- Skognettverket
- Teknologi- og industrihistorie

#### I TILLEGG ER DET TRE ABM-NETTVERK

- ABM-nettverk for fotografi
- ABM-nettverk for universell utforming
- ABM-nettverk for lokalhistorie

### Fellesmagasin

ABM-utvikling arbeider for å styrkje tankar kring utvikling av fellesmagasin. I 2008 kunne Museums-senteret i Vestfold (MUVE) tilby fellesmagasin for Vestfold fylke. Frå tidlegare har Sunnmøre museum fellesmagasin for alle i den konsoliderte eininga. I Hordaland tilbyr Fellestenester og -magasin i Salhus fellesmagasin for heile fylket. ABM-utvikling ønskjer å styrkje debatten om korleis vi kan unngå doble samlingar i musea.

### EØS-samarbeid

ABM-utvikling har arbeidd aktivt med å formidle

informasjon om EØS-finansieringsordningane til norske søkjarar, særleg gjennom nettsider og direkte kontakt. Alle institusjonar frå mottakarlanda som har tatt kontakt med ABM-utvikling, har fått svar eller er blitt vist vidare til relevant institusjon i Noreg. ABM-utvikling har gjeve reisestøtte til fem søkjarar. Tre av desse var knytt til utlysing av midlar frå Polsk-norsk kulturutvekslingsfond.

Det har blitt arbeidd mykje med å skaffe gode søkjarar til runde to av utlysning av midlar under Polsk-norsk kulturutvekslingsfond. ABM-utvikling har arrangert eit felles møte med arkivinstitusjonar i oktober, sendt ut informasjon på e-postlister til alle tre sektorane og teke direkte kontakt med særleg aktuelle institusjonar. ABM-utvikling førebur òg ein eigen prosjektsøknad til Kulturutvekslingsfondet.

### Internasjonalt samarbeid

#### MUSEUMSSAMARBEID MED ASERBAJDSJAN

I februar 2008 blei første samling i samarbeidsprosjekt mellom Arkeologisk museum i Stavanger og Museumssenteret i Baku gjennomført. Det har til saman vore tre samlingar i løpet av prosjektperioden, to i Aserbajdsjan og ei i Noreg. 15 deltakarar frå Aserbajdsjan og sju frå Noreg har delteke.

Planen har vore å auke kompetansen og skape større medvit om museumsarbeid for museums-tilsette i begge land. Ein har prøvd å utfordre deltakarane til å tenke nytt og gje dei høve for ny erkjenning og kunnskap. Prosjektet har hatt to tema. Samlings- og gjenstandsforvaltning har vore eit. Sikring, konservering og magasinering har vore av områda som har blitt teke opp. Det andre temaet

har vore museumsformidling. Utstillingar, verke- midlar, målgruppetenking, museumskafear og -butikkar har stått sentralt her. Til saman har del- takarane besøkt meir enn 30 museum og kultur- anlegg i Noreg og Aserbajdsjan.

Frå Noreg har Utanriksdepartementet og Statoil- Hydro stått for finansieringa, i Aserbajdsjan Kultur- og turistdepartementet. ABM-utvikling har repre- sentert den norske staten i prosjektet.

#### **BETLEHEM**

Utanriksdepartementet og UNESCO finansierer eit nytt museum i Betlehem i Palestina. ABM- utvikling er med som rådgjevar i utviklinga av museet, saman med Erling Dahl jr. Museet er så og seie utan gjenstandar, det skal vere eit museum basert på immateriell kulturarv. Namnet på museet blir «Palestinien Riwaya Museum, Betlehem». Det kan bety både «historier *om* Palestina» og «historier *frå* Palestina». Og det er den andlege historia til Betlehem som blir sentral i museet. Ein ønskjer å formidle kulturuttrykk på tvers av religionar. Museet skal promotere humanisme og hjelpe til med å bryte ned grensene mellom folk. Grunnsteinen til museet vart lagd ned i mai/juni 2008, og opninga er planlagd i 2009.

#### **Fylkesfotonettverk**

Regional samordning av fotobevaring kan bidra til å gi både fagmiljø og publikum gode tilbod på området. Det er derfor svært gledeleg at det dei siste par åra har blitt etablert ulike abm-samarbeid innan fotobevaring i fleire fylke. ABM-utvikling

har støtta fleire slike prosjekt i 2008, mellom anna i Vestfold, Vest-Agder og Rogaland. Fleire fylke har liknande prosjekt under utvikling.

#### **ABM-statistikk**

I 2008 blei det for første gong henta inn statistikk om norske arkiv. Dette var eit pilotprosjekt der 30 arkiv deltok. Frå 2009 vil det bli henta inn statistikk frå alle arkiva, og frå bibliotek og museum med arkivmateriale.

2008 var og første året 150 nasjonale kulturinsti- tusjonar, som f.eks. teater og opera, brukte ABM- statistikk for si aktivitetsrapportering og budsjett- søknad til KKD. ABM-utvikling har vore teknisk leverandør medan KKD sjølv har gjort den konkrete jobben med utforming av skjema og er ansvarleg for all kontakt med institusjonane.

Statistikken blei publisert i ABM-skrift #49.

#### **Leiarutvikling**

ABM-utvikling starta i 2008 opp att leiarutviklings- kurset for leiarar i arkiv, bibliotek og museum. Det var stor interesse for kurset og av 33 søkjarar fekk 21 tilbod om plass. Kurset blir avslutta våren 2009.

# Organisering, administrasjon og leiing

## **Omorganisering**

ABM-utvikling har frå 1.januar 2008 ei ny organisering med 6 avdelingar. Det er oppretta egne fagavdelingar for arkiv-, bibliotek- og museumsutvikling, ei avdeling for Digitalt ABM, ei informasjonsavdeling og ei administrasjonsavdeling.

I organisasjonsplanen skal det leggjast særleg til rette for å kunne løyse tverrsektorielle utfordringar og bruk av kompetanse på tvers av avdelingsgrenser. Tverrsektorielle arbeidsoppgåver kan leggjast til egne team. Styret har lagt vekt på at ABM-utvikling også i framtida må vere open for nye organisasjonsprosessar etter som behova melder seg.

Direktør Jon Birger Østbys åremål gjekk ut 15. januar 2008. I påvente av evaluering av ABM-utvikling vart stillinga ikkje utlyst. Avdelingsdirektør Leikny Haga Indergaard har vore konstituert i stillinga frå 15.1.2008.

## **Styret**

Funksjonstida for styret gjekk ut 31.12.2007, etter eit års prolongering. 8. april 2008 vart det oppretta eit nytt styre for perioden fram til 31.12.2011. I det nye styret er Kari Gjesteby styreleiar og Ola Stave

nestleiar. Medlemer er Anniken Thue, Arne Benjaminsen, Bente Andreassen, Karl Kallhovd, Ranveig Låg Gausdal og Tone Moseid. Jens Vinvad og Espen Hernes er varamedlemer. I den tida Tone Moseid har hatt permisjon frå vervet av di ho har fungert som avdelingsdirektør for Avdeling for bibliotekutvikling har Hernes fungert som styremedlem.

I 2008 har styret hatt fire møte og eit strategisk styreseminar der mellom anna Difis evalueringsrapport og høyringsfråsegnene til denne var tema.

## **Evaluering av ABM-utvikling**

Våren 2008 engasjerte Kultur- og kyrkjedepartementet Difi til å gjennomføre ei omfattande evaluering av ABM-utvikling. Føremålet var å kartlegge institusjonens arbeid. Med grunnlag i denne kartlegginga skulle ein så analysere korleis ABM-utvikling har implementert og gjennomført dei kulturpolitiske og sektorfaglege intensjonane som vart lagt til grunn for etableringa. Evalueringa skulle mellom anna vurdere ABM-utvikling sine grenseflater mot andre relevante institusjonar, særleg med omsyn til adekvat oppgåvefordeling og eventuell oppgåveoverføring.

Båtreisande på Vågen i Bergen. Foto. Karmsund folkemuseum



## Punkt frå DIFI-rapporten:

Difi konkluderar med at det med nokre få unntak er brei oppslutnad blant brukarane og samarbeids-partane om at det er formålstenleg med eit felles utviklingsorgan for abm-sektoren.

*«Informantane har samarbeidd godt med ABM-utvikling og oppgåvefordelinga er grei, men det varierer kor nøgde dei er med tenestene.»*

*«ABM-utvikling balanserer godt mellom forvaltingsoppgåver og utviklingsarbeid, men peikar på at forvaltingsarbeidet bør synleggjerast betre»*

*«Kartlegginga syner at verksemda har gjort eit godt stykke arbeid med å gjennomføre dei kulturpolitiske og sektorfaglege intensjonane som vart lagde til grunn for etableringa.»*

DIFI rår til at ABM-utvikling som ein nasjonal og nøytral aktør bør halde fram med å sameine aktørane innanfor kvar sektor og sikre ein formålstenleg balanse mellom forvaltingsoppgåver og utviklingsarbeid.

## HØYRINGSFRÅSEGNER

Det kom inn i underkant av hundre høyringsfråsegner før fristen 1. oktober 2008. Eit fleirtal av høyringsfråsegene sluttar seg til dei tilrådingane som Difi kjem med i rapporten. Mange poengterte at dei har eit godt samarbeid med ABM-utvikling, og fleire nemner døme på det dei meiner er gode samarbeidsprosjekt og -område. Svært mange etterlyste likevel vidare økonomiske rammer for utviklingsoppgåver og dei meiner utviklingsprofilen i ABM-utvikling er for svak.

Høyringsfråsegnene frå universitets- og høg-

skulesektoren var gjennomgåande kritiske i den meining at dei etterlyste betre og meir målretta innsats av ABM-utvikling overfor fag- og forskningsbibliotek og universitetsmusea. Det vert vidare etterlyst betre samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet i etatsstyringa av ABM-utvikling.

Mange høyringsinstansar var også opptekne av balansen mellom forvaltingsoppgåver og utviklingsoppgåver i ABM-utvikling. Hovudinntrykket er at brukarane gjerne ser at det vert lagt større vekt på utviklingsoppgåver.

## OPPFYLGING I ABM-UTVIKLING

Styret og administrasjonen i ABM-utvikling har teke signala frå evalueringsrapport og høyringsfråsegna på alvor, dette vil vera viktig grunnlagsmateriale for det vidare arbeidet med å utforme strategiar og tiltak for dei næraste åra.

## Risikostyring/internkontroll

ABM-utvikling har halde fram arbeidet med risikostyring. Det vart arbeidd vidare med risikovurdering i forhold til dei største internprosjekta våre og for prosjekttildelingar. Dette vart gjort i samband med utarbeiding av arbeidsplanar for 2008. Det blei teke utgangspunktet i tidlegare risikovurdering i forholdet til hovudmål i dette arbeidet.

I samband med at ABM-utvikling i 2008 gjekk over til elektronisk fakturahandsaming (Contempus), blei det utarbeidd nye interne rutinar.

## **Informasjon om europeiske og nordiske program**

Gjennom vårt medlemskap i EØS kan Noreg delta på linje med EU-land i det kulturelle og vitskaplege samarbeidet i Europa. Vi kan og gjennom vår deltaking i Nordisk Råd og Nordisk Ministerråd få tilgang til finansieringskjelder for kultur-, kunnskaps- og kulturminneprosjekt i Norden.

For å stimulere til sterkare norsk deltaking i EU-prosjekt har ABM-utvikling tidlegare oppretta ei ordning med forprosjektmidlar. For å styrkja denne innsatsen har det i 2008 og blitt oppretta eit internt team som har til oppgåve å utarbeide strategiar og tiltak for å få norske abm-institusjonar meir aktivt med i internasjonale prosjekt. Teamet har delteke med informasjon og presentasjonar på seminar og konferansar i abm-sektoren.

## **Forvaltningsoppgåver som ikkje er omtala under andre kapittel**

ABM-utvikling har ei rekkje forvaltningsoppgåver og brukar fleire årsverk på dette. Difi-rapporten peikar på at forvaltningsarbeidet bør synleggjerast betre.

På bibliotekområdet er rådgjeving om Lov om folkebibliotek ei viktig oppgåve, særleg er handheving av biblioteklovas § 5 med søknader frå kommunar om dispensasjon frå kravet om fagutdanna biblioteksjef ei krevjande oppgåve. Midlertidig tilsette biblioteksjefar utan fagutdanning må gjennomføre eit utdanningsopplegg i løpet av dei to første åra, og dei som får fast dispensasjon må gjennomføre eit større utdanningsopplegg.

Departementet har delegert til ABM-utvikling å handtera faste driftstilskot for omlag 88 millionar til ulike aktørar innan heile abm-området.

ABM-utvikling har eit forvaltningsmessig ansvar for å opprette avtalar mellom lokale folkebibliotek og fengselsvesenet om drift av fengselsbibliotek og fordele dei statlege løyvingane til fengselsbiblioteka, i tillegg halde kontakt med fengsla og fengselsbibliotekarane.

ABM-utvikling forvaltar tilskotsordning til produksjon av teiknspråkbøker på DVD for døve, og har eit fast utval i dette arbeidet. I 2009 vart det tildelt 0,65 millionar til 4 videobøker på teiknspråk.

På museumsområdet er det ei rekkje forvaltningsoppgåver. Rapportering og budsjettsøknadar frå musea til Kultur- og kyrkjedepartementet går gjennom ABM-utvikling som er fagleg rådgjevar.

ABM-utvikling forvaltar den statlege tilskotsordninga for sikringstiltak ved musea. Her kan musea søke om midlar og få dekkja inntil 60 % av kostnadene til førebyggjande tiltak knytt til brann, tjuveri og naturkatastrofar. ABM-utvikling brukar eit fast, rådgjevande utval i arbeidet. Den økonomiske ramma for 2008 var på 6,82 mill. kr. Desse blei fordelt på 28 tiltak.

ABM-utvikling vurderar og innstiller søknader som museumsbygg til KKD.

I tillegg førebur ABM-utvikling søknader om statleg forsikring for lån av utstillingar frå utlandet.

Utvikling og innsamling av statistikk er ei forvaltningsoppgåve ABM-utvikling brukar mykje ressursar på. Statistikken gjeld både arkiv, bibliotek og museumsområdet. Bibliotekstatistikk er lovpålagt

**Båten var heimen for mange reisande. Her har ein familie ankra opp utanfor Nordstrøno, Os i Hordaland. Båten som barna sit i, blei kalla Løvebåten. Foto. Karmsund folkemuseum**







og heng m.a. saman med utbetaling av forfatter-vederlag. ABM-utvikling samlar inn og publiserer statistikk for museum, arkiv, fagbibliotek, fylkesbibliotek, folkebibliotek, skolebibliotek i grunnskolen og vidaregåande skole. Statistikken blir publisert både i trykt form og på web.

### **Likestilling**

Den 31. desember 2008 hadde ABM-utvikling 44 kvinnelege og 24 mannlege tilsette.

Ved kunngjering oppfordrar vi både kvinner og menn til å søkje. Tilsetjing skjer gjennom tilsetjingsråd. Den mest kvalifiserte søkjaren vil få tilbod om stilling. Vi meiner at vi vil få eit best mogleg fagleg og sosialt miljø dersom personalet har ein god balanse med omsyn til kjønn, men kjem ikkje forbi at dei profesjonar vi rekrutterer frå har kvinnedominans.

### **Rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn**

#### **MÅLET VERKSEMMA HAR FOR REKRUTTERING AV PERSONAR MED INNVANDRARBAKGRUNN**

Første prioriterte arbeidsområde i strategisk plan for ABM-utvikling for 2007–2010 er å fremje læring, kunnskaps- og kulturformidling. Hovudmålsetjing innanfor dette arbeidsområdet lyder slik: *Arkiv, bibliotek og museum skal bidra til menneske si læring og formidle kunnskap og kultur.* For å nå målet vil ABM-utvikling:

1. Styrkje formidlingskompetansen i arkiv, bibliotek og museum

2. Fremje kunnskaps- og kulturformidling som bidreg til utvikling og bevisstgjerung av abm-institusjonane si samfunnsrolle
3. Vidareutvikle arkiv, bibliotek og museum som institusjonar for sosial og kulturell inkludering
4. Vidareutvikle arkiv, bibliotek og museum som tensteytarar til forskning, utdanning og livslang læring

Ifølgje personalpolitisk plan for ABM-utvikling gjeld denne målsetjinga for rekruttering av eige personale:

ABM-utviklings oppgåver tilseier at det er behov for stor breidd i samansetjinga av personalet når det gjeld utdanningsbakgrunn/erfaring, alder, kjønn og etnisk/kulturell bakgrunn.

Den beste måten å oppnå eit kulturelt mangfald på, er å tilsetje personar med innvandrarbakgrunn. Vi inviterer desse til intervju dersom dei er kvalifiserte til ei ledig stilling. Ein av to formuleringar har vore brukte når vi har kunngjort ledige stillingar i 2008:

- 1) *Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle av mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders-, funksjons- og kjønnssamansetjing og å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.*
- 2) *Mangfald i personalet, mellom anna personar med innvandrarbakgrunn og jamn fordeling med omsyn til kjønn og alder, blir sett på som eit viktig*

*virkemiddel for at verksemda skal rå over den rette kompetansen.*

Av 16 kunngjorde stillingar i 2008, hadde berre 16 av søkjarane innvandrarbakgrunn, ut frå kva vi kunne sjå av namn og papir. 10 av desse søkte stilling som systemutviklar, og ein av dei blei tilsatt. Vanlege saksbehandlarstillingar blir i mindre grad søkt av personar med innvandrarbakgrunn. Likevel hadde vi 6 personar med innvandrarbakgrunn i staben pr. 1.1.2009. Ein midlertidig tilsett frå Sverige har slutta siste år.

	Totalt tal på faste og mellom- bels tilsette	Personar med innvandrar- bakgrunn	Prosent med innvandrar- bakgrunn
Tilsette 1.1.2008	69	7	10 %
Tilsette 1.1.2009	68	6	9 %

Som det kjem fram av avsnittet over, har vi helsa menneske med funksjonshemming velkomen når vi har kunngjort stillingar. Vi har førebels ikkje hatt søkjarar som har gitt opplysningar om funksjonshemming i søknaden.

### Grøn stat

ABM-utvikling har innført Grøn stat. Verksemda har gjennomført kartlegging og gjort ei vurdering av miljøpåverknaden vår frå områda energi, transport, avfall og innkjøp i 2008. ABM-utvikling har gode rutinar for handtering av innkjøp av miljømerkte produkt, sortering av avfall, transport og

energiforbruk. Det er laga handlingsplan som tek hand om dei nemnde områda. ABM-utvikling har utarbeidd retningslinjer for innkjøp i verksemda og lagt vekt på mål som er nemnde i *Handlingsplan 2007–2010 Miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser*.

### **Innkjøpsreglement**

Det er utarbeidd nye rutinar og nytt reglement for innkjøp. Formålet med reglementet er å sikre at alle innkjøp i ABM-utvikling skal utførast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og instruksar for offentlege innkjøp. Reglementet omfattar alle innkjøp av varer, tenester (inkl. konsulenttenester), bygg og anlegg og krav til leverandørar av desse tenestene. Reglementet gjeld også leasing- og leigeavtalar.

### **Implementering av etiske retningslinjer for statstenesta**

Dei etiske retningslinjene for statstenesta utgjeven av Moderniseringsdepartementet 7. september 2005, er handsama i eit personalmøte, og alle tilsette har fått utdelt eit eige eksemplar. Det er nedsett eit partssamansett utval som skal utarbeide eigne Etiske retningslinjer for ABM-utvikling. Etiske spørsmål vert elles drøfta i ymse møte der dette er naturleg som ein del av sakshandsaminga.

### **Målbruk i 2008**

ABM-utvikling hadde 21,3 prosent nynorsk på nettsidene i 2008. På publikasjonane, for det meste ABM-skrift, var nynorskdelen 25,9. I dei

tre utgåvene av ABM-magasinet i 2008 var den samla nynorskdelen 45,3.

### **Besøk på abm-utviklings nettsider**

I 2008 hadde [www.abm-utvikling.no](http://www.abm-utvikling.no) 139 278 besøk frå 63 357 unike besøkjarar (les maskiner). Desse besøkande genererte i gjennomsnitt omlag 3,5 sidevisningar per besøk med ei gjennomsnittleg besøkslengde på 2,1 minutt. Nesten 130 000 av besøka kom frå Noreg. Til saman hadde besøkande frå 132 land vore innom nettstaden i 2008. Bryt ein ned desse tala betyr det at nettstaden hadde omlag 380 besøk per dag i 2008 (rekna med helg og heilagdagar).

I Direktoratet for forvaltning og IKTs (DIFI) årlege kvalitetsvurdering av statlege og kommunale nettstadar fekk [www.abm-utvikling.no](http://www.abm-utvikling.no) eit gjennomsnitt på 68 prosent (4 av 6 stjerner). Dette er ein auke frå året før på 10 prosentpoeng. På dei tre kategoriane tilgjenge, brukartilpassing og nyttig innhald var tala høvesvis 80%, 76% og 47%.

Kulturnett.no hadde, inkludert kulturkalendaren som og blir brukt av mellom anna regionale kulturnett, 1 290 000 besøk i 2008. Desse besøka genererte 10 520 000 sidevisningar. Dette betyr at kulturnett.no hadde ca 3 600 besøk og ca 29 000 sidevisningar per dag (gjennomsnittleg rundt åtte sidevisningar per besøk). Desse tala inkluderer ikkje besøk på dei regionale kulturnettas sider som ligg på andre serverar.

# Kurs og konferansar i 2008

## **MØTE OM ULOVLIG HANDEL MED KULTURARV**

I forbindelse med Noregs ratifisering av UNESCOs Konvensjon om ulovlig handel, import og eksport av kulturgjenstandar (UNESCO 1970) blei det innført nye reglar for inn- og utføring av kulturarv. Føremålet med møtet var å kaste lys over juridiske og etiske sider ved handel, import og eksport av kulturarv, og å diskutere praktiske og organisatoriske problem med å forhindre slik handel.

(Oslo, 17.01. I samarbeid med Den norske UNESCO-kommisjonen, Norsk ICOM og Nasjonalbiblioteket)

## **MANGFOLDIGE BIBLIOTEKTJENESTER I**

### **MANGFOLDÅRET 2008**

Temaet for denne nasjonale konferansen var bibliotektenester i eit fleirkulturelt samfunn. Målsetjinga var å gi inspirasjon og kunnskap for å utvikle framtidens fleirkulturelle bibliotektilbod. (Oslo, 21.01.

I samarbeid med Norsk Bibliotekforeningen ved Spesialgruppen for flerkulturelle bibliotektenester – FlerKult og Det Flerspråklige Bibliotek)

## **«RETT PÅ!» NORDISK SEMINAR OM TILRETTELEGGING AV LITTERATUR**

Målet med seminaret var å dele erfaringar frå nordisk arbeid om tilrettelegging av litteraturtilbodet til menneske med nedsett funksjonsevne.

(Oslo, 28.01. I samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet, Deltasenteret, Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek)

## **KULTURELL KOMPLEKSITET OG IDENTITET**

### **– FORSTÅELSE OG PRAKSIS I KULTURVERNET**

Dette var KAFF-prosjektets verkstad nummer 2. Tema var internasjonal migrasjon og kulturell globalisering. Fokus var på korleis innvandringa frå ikkje-vestlege samfunn dei siste tiåra utfordra mange av forestillingane om norsk kulturarv, norske tradisjonar og kva det vil seie å vere norsk. (Oslo, 06.02. I samarbeid med Norsk kulturråd og Riksantikvaren)

## **MUSEENE SOM RESSURS I DEN KULTURELLE**

### **SKOLESEKKEN**

Målet for dei tre seminarane var å styrke samarbeidet mellom Den kulturelle skolesekken, museum og skole gjennom informasjon, erfaringsutveksling og konstruktive diskusjonar. (Alta 04.02, Trondheim 07.02, Drammen 11.02. I samarbeid med Norges museumsforbund)

## **SPRÅKSTIMULERING GJENNOM LESEAKTIVITETER**

Målet med kursrekka var å gi tilsette i bibliotek og barnehage inspirasjon og innblikk i korleis dei kan arbeide med litteratur i barnehage. Kurset bygger

på erfaringar frå prosjektet BOKTRAS kor barnehagar og bibliotek samarbeidde om å gi barn i barnehage eit godt tilbod av litteratur og leseaktivitetar (Førde 26.02., Ålesund 27.02, Bergen 28.02., Bryne 22.09., Bodø 23.09., Oslo 25.09. I samarbeid med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning).

#### **SEMINAR OM UTFYLING AV BUDSJETTSØKNAD OG MUSEUMSSTATISTIKK**

Kultur- og kyrkedepartementet og ABM-utvikling arrangerte eit seminar om utfylling av skjema for budsjettsøknad og museumsstatistikk i ABM-utviklings webportal. (Oslo, 28.02. I samarbeid med KKD)

#### **HVORDAN STYRES MUSEENE?**

Seminarets målsetjing var å kaste lys over styrets oppgåver, og forholdet mellom styre og dagleg leiar/direktør, forholdet mellom driftsstyre og eigarstyre, ytringsfridom, lojalitet, medbestemmelse (Oslo, 02.04. I samarbeid med Norges museumsforbund).

#### **NORDISK FORMIDLINGSKONFERANSE. FORMIDLING AV ARKIVMATERIALE FRA ABM-INSTITUSJONER**

Konferansens tema var korleis ein skal synleggjere arkiva som ressurs og få dei til å fremstå som aktive samfunnsaktørar (Oslo, 09.04.–10.04. – I samarbeid med Landslaget for lokal- og privatarkiv)

#### **SEMINAR OM KONSORTIEAVTALER**

ABM-utviklings årlege seminar om konsortieavtalar (Oslo, 24.04).

#### **LANDSKONFERANSE FOTBEVARING**

Landskonferansen blir arrangert kvart år og skal fungere som møteplass og arena for faglig oppdatering, diskusjon og inspirasjon. Tittelen på årets konferanse – Mangfoldige bilder – spelte på utfordringane med å reflektere Noreg som eit fleirkulturelt samfunn i fotoarkiv og samlingar (Oslo, 28.–29.04 – i samarbeid med Oslo museum).

#### **KYSTKULTURKONFERANSE I BERGEN**

Kulturmøte langs kysten og over havet. Det var tema for den sjette nasjonale kystkulturkonferansen. (Bergen, 05.–07.05 – i samarbeid med Riksantikvaren, Fiskeridirektoratet og Kystverket)

#### **BIBLIOTEKSEMINAR «FREMTIDEN»**

Seminaret retta søkelys på biblioteka som ressurs for å betre leseferdigheiter hos barn. (Lillehammer, 28.05 – i samarbeid med Oppland fylkesbibliotek)

#### **PÅ RETT HYLLE? SEMINAR OM OPPHAVSRETT**

På seminaret presenterte forfattarane av ABM-skrift #45 *På rett hylle med åndsverkloven. En veiledning i opphavsrett for arkiv, bibliotek og museum* det mest relevante i åndsverkloven for arkiv, bibliotek og museum (Oslo, 12.06).

Ein reisande familie har kaffipause ved Lysefjorden sør for Bergen. Foto. Karmsund folkemuseum



#### **BIBLIOTEKLEIARKONFERANSEN 2008**

Bibliotekleiararkonferansen er ein årleg konferanse for bibliotekleiarar og bibliotekeigarar. Hovudtema for årets konferanse var kompetanse. (Oslo, 08.–09.10.2008)

#### **LANSERING ABM-SKRIFT OM UTVALSPRINSIPP FOR FOTOGRAFI**

I høve lanseringa av ABM-skrift #51 *Viktig og viktigert. Utvalgsriterier for fotografi* blei det arrangert eit seminar om temaet i Horten. Seminaret blei arrangert i forlenginga av boklansering/opning av Preus museums og Nasjonalbibliotekets prosjekt «80 millioner bilder – Norsk kulturhistorisk fotografi 1850–2000». (Horten, 17.10)

#### **PÅ NETT! TILGJENGELIGHET OG WEB I ABM-SEKTOREN.**

ABM-utvikling testa våren 2007 tilgang på nettsider innan abm-sektoren. To eindagsseminar var ei oppfølging av abm-skrift #50 og denne testen. Deltakarar som ville lære seg å lage gode nettsider fekk høyre om kva det vil seie å vere synshemma brukar, brukar med lese- og skrivevanskar, IKT og universell utforming, kognitive utfordringar og aktuelle standardar. (Trondheim 23.09, Oslo 27.10)

#### **DIALOGKONFERANSE OM DATASPILL I BIBLIOTEK.**

Konferansen sette søkelyset på dataspel i folkebibliotek, med vekt på dei moglegheitene som ligg i å tilby dette mediet til ungdom, unge vaksne og eldre. (Oslo, 29.10. I samarbeid med Buskerud fylkesbibliotek, Drammensbiblioteket og Vestfold fylkesbibliotek)

#### **LITTERATURFORMIDLING OG EUROPEISK SAMARBEID.**

ABM-utvikling og Norsk Kulturråd arrangerer seminar om leselyst og litteraturformidling og muligheiter for prosjektsamarbeid på europeisk nivå. (Oslo, 07.11. I samarbeid med Norsk kulturråd)

#### **KULTURARVEN TIL ALLE - ABM-KONFERANSEN 2008**

Tema for konferansen var framtidens digitale tenester og innhald. Kva reknar brukarane som eit godt arkiv, bibliotek eller museum i 2014? Kva forventar brukarane av digitale tenester og digitalt innhald? (Oslo, 17.11.)

#### **KONTAKTMØTE MED UH-BIBLIOTEKA OG NASJONALBIBLIOTEKET**

Det årlege kontaktmøtet for bibliotekleiarane, vanlegvis lagt til hausten. Kontaktmøtet er med ABM-utvikling, Universitets- og høgskolebiblioteka og Nasjonalbiblioteket. (Oslo, 24.11)

#### **KONTAKTMØTE MED FYLKESBIBLIOTEKSJEFANE OG LEIARANE FOR DEI STORE FOLKEBIBLIOTEKA**

Det årlige kontaktmøtet for bibliotekleiarane innan fylkesbibliotek og dei større folkebiblioteka, vanlegvis lagt til hausten. I tillegg til fylkesbiblioteksjefane vert leiarane for dei store folkebiblioteka og NLB inviterte. (Oslo 10. desember)

#### **ORDTAK '08**

Ordtak '08 var eit inspirasjonsseminar om bibliotek og litteratur i Den kulturelle skolesekken. (Oslo, 24.–25.11. I samarbeid med Litteraturbruket og Norsk bibliotekforening)

# Publikasjoner

## ABM-skrift

DET BLEI UTGITT ÅTTE ABM-SKRIFT I 2008.



### ABM-SKRIFT #51: Viktig og vakkert. Utvalgs-kriterier for fotografi

Dei store mengdene med fotografi i og utanfor abm-sektoren krev at vi forhold oss kritisk til kva vi vel å ta inn i institusjonane: Kva vi

vel å digitalisere er viktig. Slike vurderingar bør baserast på felles prinsipp og kriterie og må vere dokumenterte og etterprøvbare.

**ABM-SKRIFT #50: På nett? Tilgjengelighet og web i abm-sektoren** ABM-skrift #50 byggjer på ein test av tilgangen til 163 nettstader i abm-sektoren. Målet var å teste kor tilgjengelege nettstadane var for personar med nedsett funksjonsevne og kor myke kunnskap om universell utforming som låg bak utforminga av desse. ABM-skrift #50 er skriven av Olav Anders Øvrebø på grunnlag av testen.

**ABM-SKRIFT #49: Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2007** 2007 er det første året statistikken femner om heile abm-sektoren, i og med at også norske arkiv er med. Førebels er

det berre ei pilotundersøking der det er henta inn statistikk frå 33 arkivinstitusjonar. Publikasjonen inneheld elles statistikk frå folkebibliotek, fengselsbibliotek, bibliotek i folke- og vidaregåande skule, fag- og forskingsbibliotek og museum.

### ABM-SKRIFT #48: Standard for gjenstands-katalogisering

Standard for gjenstandskatalogisering er eit dokument som set opp eit sett med reglar for katalogisering. Standarden definerer ein serie med felt, eller informasjonskategoriar, og korleis desse skal forståast og brukast. I tillegg definerer standarden eit utval felt som obligatoriske. Desse felte skal sikre eit minimum av grunnleggjande og felles informasjon.



**ABM-SKRIFT #47: Les for meg, pliiis! Om barn, litteratur og språk** Mange av tekstane i artikkelsamlinga byggjer på erfaringar frå det treårige ut-viklingsprosjektet BOKTRAS. I BOKTRAS har bibliotekas samlingar og kompetanse blitt tilgjengelege i eit utval barnehagar. Hovudmålet med prosjektet har vore å etablere en levedyktig kultur for lesing i barnehagane.



**ABM-SKRIFT #46: Hvem er de og hvor går de? Om brukeradferd i norske storbybibliotek.** Dette skriftet er ein rapport frå historias første trafikktelegging i norske storbybibliotek. 3 337 brukarar i Oslo, Trondheim, Kristiansand, Stavanger og Bergen har blitt «skygga» av observatørar som har registrert kva dei gjer når dei er i biblioteket.

**ABM-SKRIFT #45: På rett hylle med åndsverkloven. En veiledning i opphavsrett for arkiv, bibliotek og museum** Denne rettleinga i opphavsrett skal gi ei oversikt over dei viktigaste prinsippa i opphavsretten. I tillegg skal skriftet gi svar på dei vanlegaste spørsmåla knytt til bruk av åndsverk og andre arbeid i arkiv-, bibliotek- og museumssektoren. Rettleinga legg spesielt vekt på å gi ei grundig behandling av dei nye reglane som gjeld kopiering og digital tilgjengeliggjering av materiale i arkiv, bibliotek og museum.

**ABM-SKRIFT #44: Standard for fotokatalogisering** ABM-skrift # 44 Standard for fotokatalogisering er utvikla som ein nasjonal standard for katalogisering av fotografisk materiale. Rapporten presenterer standardens felt og beskriv innhaldet



i dei enkelte felta. I tillegg er det informasjon om korleis felta bør brukast i det praktiske arbeidet med katalogisering


## ABM-magasinet

**DET KOM UT TRE ABM I 2008.**

### ABM 1/08

Magasinet inneheld mellom anna: Intervju med nyttilsett ABM-direktør Leikny Haga Indergaard Den norsk/palestinske kampen for å opprette eit museum i Betlehem som speglar den toleransen byen eigentleg er kjent for. Synleggjering av dei mange ulike heilage romma som finst i det fleirkulturelle Noreg Bedriftsarkiva, kor blir dei av etter at bedrifta blir lagt ned? Kven har fått prosjektmidlar og kva skal dei brukast til? Fyldig dekning og fullstendig oversikt.





### ABM 2/08

Magasinet inneheld mellom anna:  
Om åndsverksslova og opphavsrett.  
Kva skal vi med alle bileta?  
Om «80 millionar bilder».  
Kvifor Diego Maradona er garderobebibliotekarens skytshelgen.  
Intervju med Saad Eskander – Iraks nasjonalbibliotekar.



### ABM 3/08

Magasinet inneheld mellom anna:  
Digitalpredikanten  
Brukarane tar over! Om den digitale revolusjonen  
Arkivet, mannen og samfunnet. Jens Chr. Hauges arkiv  
Opphavsrett og Kopinor

## SPLQ (Scandinavian Public Library Quarterly)

SPLQ er eit engelskspråkleg tidsskrift som presenterer utviklingstrekk, tendensar og strategiar i den skandinaviske folkebiblioteksektoren. Hovudmålgruppa er den engelsktalande bibliotekverda, men SPLQ er også interessant for alle som vil halde seg orienterte om bibliotekutviklinga i Skandinavia.

Tidsskriftet kjem ut fire gonger i året og er eit samarbeidsprosjekt mellom ABM-utvikling og dei statlege folkebibliotekinstusjonane i Danmark, Sverige og Finland, som alle bidreg med representantar i redaksjonskomiteen. Hovudredaktøransvaret går på rundgang mellom landa. For perioden 2006–2009 er det Undervisningsministeriet i Finland som har hovudredaktøransvaret.

## Nyheitsbrev frå ABM-utvikling

ABM-gir ut eit elektronisk nyheitsbrev. I 2008 kom det ut med sju utgåver. Per 31.12.2008 hadde nyheitsbrevet 751 abonnentar.

## Tildeling av prosjektmidler

Kto.		Regnskap 2008
<b>KAP. 325 POST 73 PROSJEKT- OG UTVIKLINGSTILTAK</b>		
7311	Fellesprosjekt for heile ABM-sektoren	4 210 103
7313	Prosjekt for arkiv og bibliotek	100 000
7314	Prosjekt for arkiv og museum	1 732 828
7316	Prosjekt for arkivsektoren	2 270 392
7317	Prosjekt for biblioteksektoren	8 835 665
7318	Prosjekt for museumssektoren	9 753 012
Sum prosjektmidler kap. 325, post 73		<b>26 902 000</b>

I tillegg blei det rekneskapsført kostnader til ulike prosjekt- og utviklingstiltak i driftsrekneskapen post 01 på til saman 11 432 898 kr.

## Bruk av prosjektmidler 2008

### LÆRING, KUNNSKAPS- OG KULTURFORMIDLING

Søkar	Prosjekt	Tildelt i kr
Akershus fylkesmuseum	Med Wergeland på nye Eventyr	30 000
Akershus fylkesmuseum	Landskap som historieforteller	70 000
Aust-Agder bibliotek og kulturformidling	Edelsteiner og skimrende gråstein	160 000
Aust-Agder kulturhistoriske senter	Det mangfoldige og innovative Hove	200 000
Bibliotek og byarkiv i Tromsø	Det multikulturelle biblioteket	175 000
Bibliotek og byarkiv i Tromsø	Utvikling av et Eplebibliotek	400 000
Buskerud, Vestfold og Østfold fylkesbibliotek	23 ting	100 000
De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum	Naturfag på kulturhistoriske museum	100 000
Den kulturelle skulesekken Sogn og Fjordane	Møtepunkt himmel og jord	370 000
Foreningen !les	Idrett og lesing	350 000
Fylkesarkivet for Vestfold	Reis deg og diskuter!	140 000

Handverksnettverket v/Maihaugen	Never, torv og tro-2008: Forvaltning av museumstak	100 000
Haugalandmuseene	Formidling av de båtreisendes kultur og historie	200 000
Helgeland Museum avd. Vefsn	Et kvinneperspektiv på Helgelands samiske historie	145 000
Hordaland fylkesbibliotek	Prosjekt Vidsyn	175 000
Høgskolen i Oslo, Avd. JBI	Formidling i folkebibliotek, teori og praksis	150 000
IKA Kongsberg	Arkivminneprosjektet	55 000
Jødisk Museum i Oslo	Å være jøde i Norge - er det noe problem?	125 000
Kvinnemuseet - Museene i Glåmdal	Dokument hundre kvinner	150 000
Kvinnemuseet - Museene i Glåmdal	Bare litt annerledes...? Homofile historier	75 000
Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP)	Minoriteter i offentlige arkiver - en undersøkelse	400 000
Leser søker bok	Strukturell forankring av bibliotekstilbud til alle	478 000
Museum Nord	Fiskeredskaper. Klassifikasjon og nasjonal komparasjon	200 000
Museumssenteret i Salhus	Bevaring av tekstilsamlingene ved museene	30 000
Nordnorsk fartøyvernssenter og båtmuseum	Rekonstruksjon, dekonstruksjon og komparasjon	100 000
Nordvestsamisk museumssiida	Samisk identitet - en minoritet i nasjonal sammenheng	100 000
Norges Museumsforbund, Seksjonen for formidling	Mer museer i media!	75 000
Norsk Bergverksmuseum	Kulturvern ved bergverk. Seminar på Svalbard.	50 000
Norsk ICOM	Bli kjent med museumsetiske regler	35 000
Norsk Sjøfartsmuseum	Båtfolket	350 000
Opplandsarkivet avd. Maihaugen	Arkivdokumentasjon av nye minoriteter i Oppland	400 000
Oslo byarkiv	Folk på vandring - eksempelet Hausmannskvartale	100 000
Rogaland Fylkesbibliote	Den Nordisk barne- og ungdomslitteraturkonferansen	150 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavd	Kulturnett på persisk	130 000
Stiftelsen Engøyholmen Kystkultursenter	Sosialpedagogisk tilnærming i kulturminneformidling	200 000
Stiftelsen Norsk Sjøfartsmuseum	Naturisindustrien og det moderne gjennombruddet	100 000
Stiftinga Sunnmøre Museum	Kulturelt mangfold.	150 000
Sølvberget KF	Jakten på ikke-brukeren	255 000
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Kildenett.no	800 000
Trøndelag Folkemuseum	Med film som virkemiddel mot overgrep	150 000
Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum	Mangfold inn i museet	100 000

Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum	Forskjeller og likheter mellom samer og nordmenn	28 000
Vest-Agder-museet IKS	Høstmuseet - ett stikkord mangeformidlingsarenaer	50 000
Vestfold fylkesbibliotek	Transportarbeiderbibliotek Vestfold	75 000

#### UTVIKLING AV DIGITALT INNHOLD OG TJENESTER

Søker	Prosjekt	Tildelt i kr
Agder Kunstnersenter	Nasjonal, digital utsmykkingsdatabase	400 000
BIBSYS på vegne av Bragekonsortiet	Utvikling- og reform - søknader	300 000
Deichmanske bibliotek	Pilot til åpen løsning for brukergrensesnitt til bibliotekets katalog koblet med innhold fra andre innholdskilder (Mash-up)	850 000
Fylkesfotonettverk Rogaland	Fylkesfotonettverk Rogaland	450 000
Hordaland fylkesarkiv (Hordaland fylkeskommune)	Nettbasert kulturformidling i Hordaland	150 000
Høgskolen i Oslo	Biblioteklaboratoriet	200 000
Kristiansand folkebibliotek	Digitale bilder i Vest-Agder	320 000
KulturIT ANS	Digitalisering av samlingene, PrimusKUNST	500 000
KulturIT ANS	Digitalisering av samlingene, PrimusWEB	750 000
Kulturnett Møre og Romsdal	Forhistorie og eldre historie på nett	150 000
Nasjonalmuseet for kunst	Nettversjon av Norsk Kunstnerleksikon	1 081 000
Nordland fylkesbibliotek	Skrivebua som delprosjekt i Norsk digitalt bibliotek	500 000
Stavanger Museum	Kulturnett Rogaland-håndbok for Rogaland online	150 000
Stiftelsen ASTA	Nasjonal arkivkatalog på nett, ARKIVPORTALEN.NO	800 000
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Norsk historisk skipsregister	100 000
Styringsgruppen for BIBSYS MIME Portalkonsortiet	Delprosjekt: Fulltekst i MIME	300 000
Sør-Troms Museum, avd Trastad Samlinger	De sier vi hadde det bra.	300 000
Vestfold fylkesbibliotek	Biblioteket i Second Life	150 000

#### UTVIKLING OG SIKRING AV SAMLINGER

Søker	Prosjekt	Tildelt i kr
Hardanger og Voss Museum	Hardangerbrua - allereie på museum!	150 000
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal	Oppstartsprosjekt for permanent privatarkivteneste	100 000
Kvensk institutt	Sikring av språkhistorisk materiale	50 000
Museumssenteret i Vestfold AS	FODAK	500 000

Museumssenteret i Vestfold AS	FLYT, Flytting, Logistikk, Ytelse, Tilgang	500 000
Nasjonalmuseet for kunst	Konvertering fra Imago til Primus Kunst	400 000
NMF 's Konserverings- og Revitautvalg	Magasinklimaets påvirkning på gjenstander og mennesker	27 000
Norsk Telemuseum	Norsk Telemuseums samlingsprosjekt 2007/2008	200 000
Riksarkivet	Evaluering av tørkemetoder - videreføring av prosjekt	100 000
Stiftelsen Domkirkeodden	Aktive samlinger	150 000
Stiklestad Nasjonale Kultursenter	Samlingsforvaltning og -formidling i fellesmagasin	150 000
Troms fylkeskommune kulturetaten	Strategiplan for privatarkivarbeid i Troms	150 000
Trøndelag Folkemuseum	Seminar om samlingsforvaltning på MuVe	40 000

#### **SAMHANDLING OG NYTENKING INNENFOR ORGANISASJONS- OG NETTVERKSBYGGING**

<b>Søker</b>	<b>Prosjekt</b>	<b>Tildelt i kr</b>
Hordaland fylkesarkiv (Hordaland fylkeskommune)	Utvikling av samhandling med lokale aktører i priv.	100 000
Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP)	Etablering av nasjonalt nettverk i arkivformidling	100 000
Moss bibliotek	Nettverksbygging i Mangfoldsåret	60 000
Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design ICAM 14. Oslo mai 2008		70 000
Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap Norgesgården - forprosjekt		100 000
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	ABM i partnerskap	300 000
Oslo Museum avd. Interkulturelt Museum	Mangfoldsnettverket i mangfoldsåret	500 000
Preus museum	ABM-nettverk for fotografi	200 000
Ryfylkemuseet	Historiske kulisser, moderne opplevelingar	20 000
Universitetsbiblioteket i Bergen	CK-VI-konferansen	60 000

#### **TILSKUDD TIL PRODUKSJON AV TEGNSPRÅKBØKER PÅ DVD FOR DØVE**

<b>Søker</b>	<b>Prosjekt</b>	<b>Tilskudd i kr</b>
Døves Media	På oppdrag 2	165 000
Møller kompetansesenter	Pulverheksa på tegnspråk	250 000
Møller kompetansesenter	Døve og hørende i samme familie	200 000
Møller kompetansesenter	Faktabok på tegnspråk	50 000

## Utbetalte sikringsmidlar 2008

Stiftelsen Domkirkeodden	107.625
Maihaugen	210.000
Stiftelsen Utstein Kloster	165.000
Vikedal Bygdemuseum	28.960
Bergen Kunstmuseum	320.000
Henie-Onstad Kunstcenter	38.345
Stiklestad nasjonale kultursenter	217.500
Norsk Bergverksmuseum	1.300.000
Sunnhordland Museum	60.000
Telemark Museum	282.480
Høgtun Kultursenter	89.595
Sunnfjord Museum	60.000
Bymuseet i Bergen	1.680.000
Salten Museum	68.310
Stiftinga Havråtunet	200.000
Rindal Bygdemuseum	30.000
Valdresmusea	100.000
Trastad Samlinger	150.000
Setesdalsmuseet	60.000
Drammens Museum	60.000
Museum Nord	61.185
Norsk Myrmuseum	61.000
Ringve museum	1.300.000
Hallingdal museum	170.000
Sum	<b>6.820.000</b>

## Tildeling til delegerte tiltak 2008

### KAP. 326 POST 78 YMSE FASTE TILTAK

7811	Norsk barnebokinstitutt	5.246.000
7812	Punktskrifttrykkeriet NBF	4.173.000
7813	Tiltak døvblinde ( Foreningen Norges Døvblinde )	4.096.000
7814	Videogram for døve	5.502.000
7815	Vestlandske Blindeforbund	253.000
7816	Døves tidsskrift ( Norges Døveforbund )	281.000
7822	Finsk bibliotekjeneste	339.000
7823	Bibliotekjeneste på Svalbard	247.000
7831	Det flerspråklige bibliotek	8.000.000
7832	Formidling av spesiallitteratur (Fjernlånsentralen)	1.964.000
7833	Nord - Sør biblioteket	411.000
7834	Bibliotekjeneste i statlige helseinstitusjoner	1.867.000
	Horten, Bastøy fengsel	529.000
	Tønsberg, Berg fengsel	346.000
	Bergen fengsel	679.000
	Bergen fengsel, Bjørgvin	470.000
	Bodø fengsel	376.000
	Bruvold fengsel	376.000
	Drammen fengsel	346.000
	Gjøvik fengsel	505.000
	Hustad fengsel	138.000
	Bærum, Ila fengsel	649.000
	Indre Østfold fengsel	851.000
	Kongsvinger fengsel	699.000
	Kristiansand fengsel	376.000
	Larvik fengsel	85.000



	Deichmanske bibl. Fengselstjenesten	1.842.000
	Ravneberget fengsel	505.000
	Ringerike fengsel	649.000
	Sandeid fengsel	120.000
	Sem fengsel	500.000
	Skien fengsel	470.000
	Stavanger fengsel	500.000
	Trondheim fengsel	699.000
	Tromsø fengsel	346.000
	Akershus, Ullersmo fengsel	649.000
	Vadsø fengsel	509.963
	Vestre Slidre fengsel	60.000
	Vik fengsel	507.000
	Hå, Åna fengsel	649.000
	Fengselsbibliotekarmøte 25-26.09	39.037
7835	Bibliotek tjenester i fengsel	14.470.000
7841	Reiser og div.tiltak	528.000
7851	Premiering av barne- og ungdomslitteratur	268.000
7861	Lyd- og videobokstiltak	665.000
7891	Norsk bibliotekforening	217.000
	Sum kap. 326, post 78	<b>48.527.000</b>

**KAP 328 POST 78 YMSE FASTE TILTAK**

7811	Sikringstiltak		6.820.000
	Norges museumsforbundet, inkl. Museum of the year Award	1.224.000	
	Tidsskriftet Museumsnytt	664.000	
	Norsk ICOM	207.000	
	Kulturvernets fellesorganisasjon KORG	264.000	
	Norsk Folkeminnelag	73.000	
	Stiftelsen Skoleskipet Christian Radich	3.979.000	
	Stiftelsen Seilskipet Statsraad Lehmkuhl	4.535.000	
	Stiftelsen Fullriggeren Sørlandet	3.582.000	
	Landslaget for lokalhistorie	307.000	
	Den europeiske kulturminnedagen, Norges Kulturvernforbund	313.000	
	Emanuel Vigelands museum	130.000	
7812	Tilskudd til organisasjonene		15.278.000
7816	Årets museum		56.000
7817	Reiser, stipend og div. tiltak		731.000
7818	Datatjenester for kunst og kulturhistoriske museer		1.083.000
	Sum kap. 328, post 78		<b>23.968.000</b>

**KAP 329 POST 78 YMSE FASTE TILTAK**

7811	Landslaget for lokal- og privatarkiv		202.000
------	--------------------------------------	--	---------



**Øklandsvågen vest på Bømlo var ein fast samlingsstad for mange reisande familiar som budde i båt delar av året. Foto: Karmsund folkemuseum**

ISBN 978-82-8105-073-0

**ABM**   
-utvikling  
Statens senter for arkiv, bibliotek og museum